


(ELEKTRONISK UTGAVE AV BOK UTGITT AV EIDFJORD KOMMUNE I 1993. ETTERTRYKK FORBUDT UTEN KILDEHENVISNING)

# GAMLE FERDSLEVEGAR FRÅ EIDFJORD OVER HARDANGERVIDDA

Av Per Bremnes



Boken er trykket i 1993. Nye kilder kan ha kommet til i de siste år. Det kan derfor være mindre forskjeller mellom 1993 og i dag (2018)

## Forord

---

Vegar har alltid oppteke eidfjordingen. Naturleg nok, slik Våherre har plassert han på nokre jordlappar mellom høgfjell og fjord. Eit isolert samfunn i gamle dagar. Ein tur til bydn var dagevis i båt, og skulle eidfjordingen over fjellet til austmennene så tok turen heile sumaren, men då rettnok med fedrift. På gamle ferdsleveggar.

Tida gjekk og nye vegar kom. Vegar opp Måbødalen var reine ingeniørkunstverk, og i tur og orden vart dei verneverdige etter som utviklinga gjekk fram og veg med asfalt og gul stripe vart standardkravet. Det vart kjøyrande veg over Vidda, veg langs fjord og ferje over fjord. Ei utvikling steg for steg mot ei ny tid.

Det er eidfjordingen si von at utviklinga mot lettare samkvem mellom landsdeler og grannar vil halda fram. Men i våre vyer for framtida er det viktig at me ikkje gløymer fortida. Det er derfor viktig å ta vare på det som rimelig kan takast vare på av våre fysiske minnesmerke av samferdslesoga. Like viktig er det å ta vare på dei vegminne som etterkvart er vorte gløymde og gøymde for folk flest, men som enno kan skaffast fram gjennom mange ulike kjelder. Boka om gamle ferdsle vegar i Eidfjord er eit viktig og godt bidrag i så måte.

Med helsing Samson Instanes

Ordfører i Eidfjord kommune

## Kapitel 1: "Bønderne kalle bygden for Øyfjord d.e. Ødefjord"

---

Måbødalen er ein svingete, nærast V-forma elvedal med ein dalbotn som endar i Måbøberget. Her ligg Måbø gard. Vidare innover er dalen ikkje stort breiare enn sjølve elva, og langs elva kan ein følgja ein sti. Dalen endar brått ved Vøringsfossen.

Så udramatisk og i så korte trekk kan ein fortelja om Måbødalen - denne dalen med så mykje dramatik at det kan ta pusten frå nokon kvar. Dalen ligg i Eidfjord, eit lite samfunn inst i Hardangerfjorden.

"Om Eidfjords fortids historie indeholdes der kun yderst lite i Krafts Norges Beskrivelse, og heller ikke senere end ved dette verk udkom, 1829, er man bleven rigere i saa henseende. Dette hænger uden tvil sammen med, at de to mænd, stiftamtmand Christie og biskop Neumann, som har givet saa mange oplysninger om de fleste andre steder i Bergens Stift, ikke nogensinde vare i Eidfjord, i alle fall ikke har efterladt sig optegnelser derom ... Bønderne kalle bygden Øyfjord eller Ødefjord, og støtte sig her til et sagn, som forteller at sognet blev folketomt i den store mandedød. Det siste er vistnok ikke urimeligt, men i selve sagnet ligger jo at bygden havde mennesker før pesten og følgelig ogsaa et eget navn. Dette var, som man kan se af diplomer ældre end 1350, Eidfjord".

Dette avsnittet er henta frå årsmeldinga av 1860 for "Norske Fortidsminnesmerkers Forening". Ja, sålei skildra ein Eidfjord den gongen. Annleis er det i dag.

Eidfjord er med dei 1.080 ibuarne sine (pr. jan. 1993) ingen stor kommune. Den samla flatevidda er 1.550 km<sup>2</sup>. Det meste av arealet ligg høgt tilfjells, berre 1,5% ligg lægre enn 150 m.o.h. Dette er bakgrunnen til at eidfjordsfolk har hatt - og har - kjensla av å høyra nær saman med fjellet, både for fritid og næring. Jordbruk og turistnæring har vore grunnlag for vokster i bygda, men kraftutbygging og offentlig næring har og vorte ein viktigare og viktigare del av sysselsettinga.

Frå Eidfjord fører riksveg 7 over Hardangervidda til kommunen Hol i Hallingdal, og vidare austetter. Vegen vart fullført over Hardangervidda fram til Haugastøl i 1928. Om vinteren er han ofte stengd på grunn av uver mellom Storlidi i Sysendalen og Haugastøl i Hallingdal.

Knapt nokon stad på Vestlandet kan syna slike kontraster i landskapet som dei ein ser i Eidfjord. Årsaken er isen som rådde grunnen for omlag 10000 år sidan. Då han vart borte, etterlet han seg eit landskap som var rikt på endelause variasjoner, frå den store fjellvidda som heiter Hardangervidda, til dei frodige fjelldalane ved navn Bjoreidalen - eigenlig Bjoreiddalen - og Veigdalen, til bratte, tronge og ville dalar som Måbødalen og Hjølmadalen. Det er i de sistnemde dalføra du finn Vøringsfossen og Valurfossen. Simadal ligg og i Eidfjord. Her finn me Kjeåsen, fjellgarden som ligg lik eit ørnereir 600 m over Simadalsfjorden.

Tenk deg kva for enorme krefter som har sprengt seg frem og etterlate seg denne maktfulle natura i dalføra i Eidfjord. Der finn du huler og grotter som var bustader i farne tider. Ja, sjå i røysane som ligg ved gamlevegen andsynes Måbø gård. Kik inn i dei naturlige holene i den store steinrøysa, og lat fantasien få strøyma fritt!

Dei moderne holene og grottene du finn i dag - så som til dømes Sima kraftverk og tunnelane i Måbødalen - er laga av andre krefter. I dag har høgteknologi og maskiner trengt seg gjennom det massive fjellet.

I Måbødalen ligg Måbødalen kulturlandskapsmuseum, som m. a. viser vegbygging frå ikring år 1500 og fram til i dag. Eidfjord har frå gamalt av hatt nære samband austetter - med gamle ferdsleveger over Vidda både til Hallingdal, Numedal og Kongsberg. Fleire store ferdselveger - av dei eldste melom aust og vest - som t.d. den Store Nordmannsslepa, den Nordre Nordmannsslepa og den vidgjetne bispevegen ligg i og gjennom Eidfjord kommune. Frå Eidfjord - gjennom Hjølmadalen fram til Hadlaskard går det ei sideslepe av den Søre Nordmannsslepa.

## Kapitel 2: "... it field heder vijd"

---

Hardangervidda er det største høgfjellsplatået i Europa. I 1595 vert ho omtala av biskop Jens Nilssøn som "it Field heder Vijd", d.e. "vidda". Men to diplom eller brev frå 1483 brukar og same namnet. I fyrstninga av 1600 talet vert ho omtala som "Halnefjeld".

Over Hardangervidda har det vore ferdsle i fleire tusen år. Dei fyrste som trakka veg var reinsdyr og veidemenn. Underlig er det å tenke på at dagens stier over vidda ikkje fraviker i særleg grad fra fortidens. Ja, selv bilvegane over vidda følger grovt sett stiene som har lagt der fra eldgammel tid.

Det var fyrst omkring 1600-1700 at driftevegane kom, men trolig var det driftetraffikk helt tilbake til år 1050. Stølsvegane var like gamle som jordbruket i bygdene kring vidda. I eldre tider vart det gått opp vegar mellom dei ymse bygdelaga rundt Hardangervidda, og dessutan mellom aust og vest. Mange av desse vegane gjekk i hop oppe på fjellet, og det laga seg særlege sleper eller traséar. Kva for ei av dei som var mest i bruk, er det vanskeleg å seia noko visst om. Størst trafikk hadde slepa fra 1600 tallet og frem til 1900 tallet.

Driftevegane gjekk opp frå nesten kvar bygd og grend. Utanbygds folk - som til dømes vossinger - brukte vegen frå Ringøy om Dalamot til Hadlaskard og den Sørlege Nordmannsslepa i nokon mon. Frå Ytre Bu førde og ein drifteveg austetter. Det vert fortalt at føringsbåtane kom frå Ulvik og la til ved Krokastø - naustplassen til Indre Bu.

Frå Storabrekko drog driftene opp til Mjøsstølshaugan, Leite og stølsvegen opp Ytre-Bu lida. Sidan gjekk vegen til Dalamot og over Austmannaleitet vidare innetter Hardangervidda. Namn som Driftavegen og Driftahaugen fortel om drifteferdsle her.

Alle lokale vegar for eidfjordfolk mot Nordmannslågen gjekk anten over Steinsstøl og Dyresminnet eller over Rjoto og gjennom Eldfyreminnet. Eldfyreminnet ligg mellom Låghellernuten og Lægreidsnuten. Mellom aust og vest var den kortaste vegen over fjellet mest nytta. Bispevegen, d.e. vegen som stavangerbiskopen reiste når han drog på visitas til Halldal og Valdres, er eit døme på det.

For turvandrarar på Hardangervidda er dei tre Nordmannsslepene vel kjende. Mindre kjend er det at den Sørlege Nordmannsslepa hadde utgangsstad sin ved Heimsta Hadlaskard, og at den Nordlige Nordmannsslepa hadde sitt utgangspunkt ved stølen Særebakken i Bjoreidalen. Minst kjend er det at den Store Nordmannsslepa ikkje hadde vegen sin om Måbøberget og Maurset. Og hvem visste at vegen som stavangerbiskopen brukte over Hardangervidda byrja i Eidfjord.

Bispevegen gjekk noko over den Store Nordmannsslepa og noko over den Nordre Nordmannsslepa. Tidlegare teoriar om ein bispeveg om Etne via Røldal og over de mest strabasiøse områdene på den sørvestlige del av Hardangervidda er ikkje rett. Teorier om ei Nordmannsslepa i de såkalte Måbøgaldane, vidare til Maurset og Løkjafeti er heller ikkje rett.

Medan ferdsla på sørvestvidda stort sett gjekk frå vest, var ferdsla på nordvestvidda frå aust. Kjenneteiknande for dette er stadnamna Hardingslepa frå vest og Austmannavegen frå aust. Begge vegane ligg grovt sett på kvart sitt ytre punkt. Hardingslepa går opp på vidda innerst i Sørfjorden og Austmannavegen går til fjells innerst i Simadalsfjorden.

Gjennom mi tid som turleiar i fjellet har eg fått mange spørsmål om historie. Kunnskap om området og dessutan ei praktfull natur er med på å gjera fjellvandringane levande. Men den kunnskapen som vert sett fram, bør så mykje som råd er, vera rett.

For å skjøna ferdslevegane i fjellet må ein skilja mellom ferdsla frå det austlege til det vestlege Noreg, vegar til veide- og fiskeområda og støls- og driftevegar. Som ein ser, er det her vegar med ymse bruksområde. Veidestigane må, som nemnt i innleiinga, vera dei eldste, men vegane mellom aust og vest og likeeins stølsvegane er frå eldre tider langt bakom dei me har skriftlege kjelder frå.

Driftevegane er nok nyare, men dei fanst i alle fall på andre halvparten av 1600 talet. Dei eldste skriftfestingar på stølar har me frå tidleg 1600 tal, men me må ikkje lata oss villeia av skorten på skriftlege dokument. Arkeologisk og etnologisk gransking viser at stølsbruket på Vidda er like gammalt som jordbruket i dalane og ved fjordane i grannelaget til Vidda.

Mellom dei fyrste stølane i Hardanger som er nemnde i dokument, er dei til Helland og Opedal. Det heiter i eit brev frå tidleg på 1600 talet at desse gardane "haffue 5 Mile til Setters om Sommeren". Truleg er dette

stølane ved Opesjovatnet. Desse stølane forlet Opedal i 1650 og flytte til Finnabu. I 1642 vert Gryting, Grøndal og Stavalid nemnde. Det var truleg i 1660 at nedre- og midt Sekse flytte frå Munkabu til Kvannabakkane som ligg omlag 1 1/2 km sørvest for Insta Hadlaskard. I 1723-matrikelen er alle Sekse-bruka samla der, og fleire stølar vert omtala utan namn.

O. Olafsen nemner at stølar som må vera eldre enn 1723, er Skinnhovda, Gravdal, Naserna, Helnaberg, Dalamot, Vatnaset, Vivheller og Skuggabjørg. Av Eidfjordstølar nemner han Vedal, Fivlingen, Berastøl, Fljodal og Steinsstøl.

Når stølane vart tekne i bruk, er vanskeleg å seia. Heimsta Hadlaskard vert omtala i ein "Contract af 30. May 1766". Men stølen er nok mykje eldre enn dette. Det må nemnast at der som Hadlaskard turisthytte ligg, heiter det Insta Hadlaskard. Eit anna namn på denne stølen er Brakafiti.

Rundt 1720-1730 kjem stølane i Bjoreidalen. Nokre år seinare kjem Kjeldedalen med Smyttestølen. Av stølar i Bjoreidalen skal nemnes: Vambheimstølen ved Våkåvadet. Ved Særebakken ligg ein støl ved same namnet. Tidlegare vart han kalla Åmundlund. Lengre nede mot Våkåvadet ligg Grjoto som tidlegare heitte Endrelund. Rett i mot Særebakken ligg Larsilund og ved Rinden (Nybu) låg Sveinungstøl. Og så Agastølen, som eigenleg ikkje heiter det. Det rette namnet er Johannesstølen. Stølen høyrde frå fyrst av til gården Sæbø i Eidfjord før han over i eige til Agafamilien. No er han for lenge sidan komen attende til Eidfjord.

Det kan synast som at stølsbruket har vore sers viktig for Eidfjord. Store deler av kommunen ligg på Hardangervidda og har godt beiteslende, og stølar hadde dei fleste gardene fleire av. Det var ikkje uvanleg at gardene hadde både vår- og sumarstøler. Vårstølane vart kalla heimestøl eller liastøl. Det var kort veg opp til dei fra gardstunet. Til vanlen gjekk budeia opp om kvelden, mjølka og neste morgon etter at ho hadde mjølka morgonmåletn. Eggjastølene kom seinare. Dei lå oppe på sjølve fjelleggi. Tilslutt kom ein inn på sjølve vidda, og så kom langstølene.

Ein kan sjå støler med vegger som er heilt i stand, men uten tak eller rester av tak - og ein kan undra seg over det. Kva er det som har hendt? Har dei slutta å bygja før enn selet stod ferdig, eller er det andre forklåringar? Forklåringen i dei fleste tilfelle kan være at stølen vert fråflytt fordi han vart utan ved. Ysting og koking kravde store mengder

ved, og når det så vart snaudt for ved kringom stølen, tok dei taket av selet som sperr og anna trevyrke og flytta til eit anna område der det fanst ved. Der hadde dei i god tid satt opp murer til nytt sel. Taket på den tidlegare stølen tok dei med og brukte på den nye stølen. Den fråflytte stølen fekk dermed liggja i fred, slik at kratt fekk vokse til att. Måbø gard flytte på det viset mellom tre støler.

En støl i Kvamsdalen i Eidfjord kan vera eldre enn dei stølane som no er nemnde. Det er vårstølen til prestegarden Lægreid. Han låg i Kvamsdalen, ein dal som går opp frå Eidfjordvatnet. Murene til stølen står den dag i dag. Gjennom Kvamsdalen gjekk òg ein lite kjend veg til øvre Eidfjord, den vegen som vart kalla Borgi.

Ei form for ferdsle er turisttrafikken. Den fyrste hytta som DNT har ansvaret for, vart lagd til Krekja i 1879. Denne ferdsla har gjort sitt til at einskilde deler av slepene er vortne haldne vedlike opp gjennom åra, som i områdene ved Sandhaug, ved Stigstuv, ved Halne og ved Bjoreidalshytten.

Eit av dei viktigste momenta då slepene vart lagde, var reinsdyrstrekka. Det var naturleg at dei fyrste vegane vart lagde etter dei. Med bakgrunn i ein artikkel om dyregravene på Hardangervidda av Ø. Bakke, og kartet over dei, ser me at leia på trekka har vore, og er framleis i store deler, den same som på hovudslepene. Eg hadde nær sagt at det må vera sjølv sagt. Veidemannene i førhistorisk tid var då dei fyrste vandrarane, og seinare generasjonar har fylgt i deira fotefar.

Det er sannsynleg at austmenn trengde fyrst inn på Hardangervidda, - som veidemann. Det er dei topografiske tilhøva som mest talar for dette. Vegvalet på vestsida var utan tvil det vanskelegaste. Det er få stader ein kan gå opp på vidda frå vest.



## Kapitel 3: Kva betyr slepe i Nordmannsslepe

---

Det har vore hevda at ordet slepe kan forklårast språkleg etter eit køyrety som heiter det same. Men dette er gale. Det finst ikkje noko slikt køyrety. Derimot finst det draginnretningar, som ein slepte etter seg. Desse såkalla draga eller drøgene vart gjerne bruka til tømmer- og annan transport nede i bygdene, og då over nokså korte strekningar. Dette er det tradisjon om både i Numedal og i Hardanger. Men over Hardangervidda var slike dragreidskapar ubrukelege. Dette er sjølvklårt for alle som har noko kjennskap til vidda og dei krevjande og vanskelege opp- og nedstigingane.

"Like frå dei eldste tider har har ein stor del av folk på Austlandet kjent det som lettast og naturlegast å søke samkvem med folk på Vestlandet over fjellet ... I urdar og ulende la dei steinar til rettes, og i aller brattaste kneikane laga dei gjerne eit slag steintropper. Men det var aldri tala om anna enn å gå eller rida, og kløvja varene på hesteryggen"

Dette fortel Kjell Midttun i ein artikkel frå 1940, om "Fjellmarknaden og handelen mellom austland og vestland i gamal tid.

Ordet "slepe" er framleis i bruk både i Numedal og i Hardanger. Det tyder spor etter dyr og/eller menneske. Spor etter kyr vert i Numedal kalla "krøterslepe". Ein jeger vil snakka om "reinsdyrslepe", og for ein skogsarbeidar er "tømmerslepe", altså spor etter tømmer som vert slept, ikkje noko ukjent uttrykk.

Torsdag den niande desember 1847 holdt professor L. K. Daae eit foredrag i Bergen tekniske forening. Titelen på foredraget var "Om de af Naturen anviste Landcommunicationer mellem det østenfjeldske og det vestenfjeldske Norge". Frå det foredraget tek me med dette:

"De Stier, paa hvilke Handelskarlene sætte over de ubanede Fjelde, og af hvilke Mange er stærkt befarne, saa at de bære Mærker af at have været brukt netop saaledes i uendelig lang Tid, ere baade i sin Hensigt og sit Anlæg væsentlig forskjellige fra Veie. De benyttes næmlig kuns til at drive levende Queg frem og til at føre Vare paa hesteryggen formedelst Kløv".

At slepe er spor etter dyr og menneske, vert òg stadfest i ordbøker frå Ivar Aasen og fram til vår tid. Ordet forklåres som spor, stig og veg. Som ein ser, finst det andre forklåringar enn dei som tyder "dra", "buksera", "slepa". Saman med den kunnskapen me har om historiske tilhøve, vert tolkingen av ordet "Nordmannsslepa" heilt einfelt Nordmannsvegen.

## Kapitel 4: «... der laa den gamle vei, som førte opp paa fjeldet»

---

Frå Simadal fører fleire vegar opp på Hardangervidda. Den eldste av dei - Austmannavegen - tek opp frå Tveit og kjem opp ved Istjørnane. Lenger inne i dalen er Bakkalaupet, og lengst inne er Andersstigen. Ned til Tveit kom truleg baglarane i 1205. Fra Simadal før dei herjande ut Hardangerfjorden. Men andre "krigsmenn" har òg reist denne vegen. O. Olafsen skriv:

"I Tingbogen for Hardanger findes under 25. mai 1689 under Tinget i Granvin (Graven) bemærket, at Lensmanden i Ulvik, Lauritz Wambheim, havde stævnet Torbjørn Lekve, fordi han havde nægtet at skydse over Fjeldet med sin Hest for Betaling "til Compagniets Tjeneste, som var paa Marchen til Kistiana ... Samtidig var Peder Halldorsen Legreid stævnet av Kjell Legreid for en Hest, som han havde laant af Kjell, da Oberstløjtnants Kompagnie reiste østover. Peder Legreid havde sat Hesten igjen i Simadal ... Vi ser endvidere at Marchen maa have gaaet over Simadal. Der laa den gamle Vei, som førte op paa Fjeldet og videre østover til Hallingdal eller Nummedal".

Dette er eit utdrag av ein artikkel om soldatar over fjellet. Artikkelen er i denne samanhengen interessant, fordi han gjev ein historisk dokumentasjon på oppstiginga frå Simadal. O. Olafsen viser til tingboka, og gjev opp ein dato for hendinga. Den rette dato for hendinga ovanfor viste seg å være 29.6.1689. Det er forsåvidt mindre interessant. Men det var under denne dato eg fann dei omtala sakene i tingboka, som her vert fullstendig attgjevne slik de engang ble notert ned av rettskriveren:

Anno 1689 d 29 Junij

Lensmanden Lauritz Wambheim havde stævnt Torbjørn Leque for hand ikke vilde schytze med sin øeg for betaling ofuer fieldet, til Compagniet tienneste som waaer paa marchen at Christiania. Den indstævnte mødte. Wed gik at han waaer tilsagt og bøede Penge for schytzen udj sin egen Læg, og denne schytz stoed ham ey til, formente hand ey at være pliktig at schytze til med og waaer hans øeg saa ung hand ey troede sig ofuer fieldet med hende. Derimod formente Lændsmanden at som dette høi magt paaliggende udfordrit nødvendigt at schytze ikke motte forhalics med, og den mand som schytze burde waaere saa langt borte at der umuelig kunde i den hastighed møede, til med og gjorde hand bevislig øegen waaer god nock, og der tilmed schodt, og hafde Torbjøren

giort forseckring een anden mand der udj bøygden, som schulde hafue øegen øster afsted, den derfor lige saa vell kunde tienne til dette som det andit, og hand udj rette om hand iche til ved børlig straf burde ansees.

Afsagt

Torbjørn leque bøder for mod villighed i at schytze for betaling udj Hans Mayest, drinde Een half Rdl, som er tredje deelen af den leye der blef gifuet for den Hest der gik ofuer Fiellidet i demis stæd, tillige med den udlagte ste ... Penge ... og det inden halfmaanitz daeg".

## I den andre rettssaka som er referert frå same dagen, 29. juni 1689, står følgjande å lesa:

Anno 1689 d 29 Junij

Kiel Herrey havde stæfnt Peder Haldorsen Legrey for een hand havfde udj schytz østen ofuer fieldit nu dae Oberst Leutnantz Compagnie reyste i Huilchen øeg hand iche havde

faaet tilbage igien, men vaaer sat efter udj i Simo Dal, og dae een huer af den andre skaffede sine øegen tilstede reyste Peder Leygre udj andre sine forretninger og baar ingen Tidender at øegen waaer kommen ofuer fieldet før end 3 daege der effter thj han kom ofuer om fredag og bragte første tidender om Syndagen ad aften, Imidlertid reyste Capiten Tormøelens Compagnie samme Vej ofuer fieldit og waaer freelst som at d. waaer kommer udj marchen med samme Compagnie og Hund saa aldrig kom til stædi igjen. Saa udj retten og formente Peder Leygrey burde betaele ham øegen som formedelst hans forsømmelse waaer bortkommen, eftersom hand nu ald delis ingen hjelp havde til Sommervinden. Peder Leygrey møtte udj retten. Med gick at hand havde øegen ofuer fieldit, men fremb førte 2de Widner at øegen waaer vell ofuer kommen igjen som waaer Aadne Mæhus og Johannis Bue, formente hand førte øegen ofuer, og lefnet hende paa den stæd han annammit hende, hand ey meere hafde der til at svaere.

Afsagt

Som øegen er bort kommen formedelst Peder Leygreys forsømmelse at hand ey hafuer gifue manden Varsel der øegen eyet, om d ind 6 uger ey kommer til stæde igjen."

**Me har i og med dette eit historisk vitnemål om at soldatar vart førde**

over Hardangervidda fra Simadal. Og det var vegen frå Tveit som vart nytta. Eg går ut frå at soldatane var frå det Bergenhussiske regiment og Hardanger bataljon. Det er all grunn til å tru at dei vart frakta med båt beinveges til Simadal. Derifrå gjekk så ferda til Hallingdal.

På den gamle vegen frå Simadal til Austlandet finst det namn som fortel om både austmenn og hallingar. Og ferdsla frå Simadal gjekk ikkje berre til Hallingdal. Dette var òg ein vanleg veg til Numedal i eldre tider. Den vegen gikk om Dyranutane, Skiftesjøen, Langesjøen og til Jønndalen.

"Papirvigen" er eit namn som er bruka om Austmannaviki ved Sysenvatnet. Namnet - som finst på kartet over Nordre Bergenhus Amt frå 1868 - kan fortelja om kjøp og sal. Og det er slett ikkje umogeleg at dette var ein handelsstad. Området ligg like ved ferdslevegen frå Simadal. Truleg har det også vore ein kvileplass for driftene til austmenn. I 1757 skriv Even Meldal:

"den Lille Flacke hvorpaa Kircken staar, og B, den inderste Bund af fiorden, kaldet Simoedal; hvor NB, alle de Heste som østerlendingen opkiøber i hele Hardanger føres hen for derfra at drives over fieldet østereffter"

I Eidfjord finst segner om ferdsle attende til 1200-talet. Segner om baglarene, Kristian II, Erik Valchendorf og Gyldenløve. Mange segner har fått liv etter ferdene disse gjeve mennene tok over Hardangervidda. Gyldenløve er kanskje den som har sett størst spor etter seg på både sider av fjellet. I 1667 - truleg 18.juli - før han fra Simadal på ferd over Hardangervidda til Hallingdal.

"Skysskarane til Gyldenløve satt eit stykke frå det høge herskapet og åt nista si, det var nok ein heilt annan kost enn den som fylgjet til Gyldenløve åt. Den unge fru Gyldenløve sa: Trur du vel at disse mennene kommer i himmelen saman med oss? Til det svara Gyldenløve: "Jau, dei kjem nok visst til himmelen, men ikkje så høgt som oss" (O.Kolltveit).

Fra Simadal kjennes et sagn om en varde Ulrik Fredrik Gyldenløve lot bygge i Simadalsberget. Det skulle bli en militær kilde fra 1790 som ble beviset på at varden virkelig hadde eksistert. I kilden står den omtalt som «Gyldenløvs Warde» og er plassert «et sted» mellom Store- og

Vesle Ishoug. Funn av denne varden vil gi en pekepinn på hvor Gyldenløve har reist. Høyst trolig har soldatene i 1689 reist samme vei. Men at den unge fru Gyldenløve - ho heitte Maria Grubbe - var med på denne ferda, er lite truleg. Tilhøvet mellom dei to var alt den gongen dårleg. Året etter var de skilde. Ho vart deretter gift og skild fleire gonger, heilt til ho døyde fordrukken og fattig i Falster, som kona til ein ferjemann.

Men at Gyldenløve drog over Hardangervidda er det ingen grunn til å tvila på:

" I Aals Præstegaard findes paa en Rude skaaret med en Diamant følgende: "den 20de Juli 1667, Omnia si perdas, faman fervere mento, U. F. Gyldenløve" (I. Wiel, 1743)

## Kapitel 5: "Den annen hindring er Vøringsfossen"

---

Ser ein bort frå bilvegane, er landskapet i Måbødalen ikkje ulikt det som folk har her i hundretall, ja tusentalls år. I 1917 var bilvegen opp til Garen (Garden) ikkje meir enn eitt år gamal, og det var berre to år sidan fyrste bilen kom til Eidfjord. Den gangen var det ein hending så stor at skoleborna fekk fri frå skulen!

Sume hevder at den fyrste bilen kjørde opp gamlevegen i 1930, andre hevder 1928, som også var året då vegen vart førd fram til Haugastøl. I ein artikkel frå 1917 om busetnaden i Sysendalens skriv O. Olafsen:

"Det vil vel ikke gaa saa lang Tid hen nu, før man paa Bil kan kjøre over Fjeldet til Haugastøl, og da vil det blive mange Reisende gennem Dalen"

Ja, Olafsen fekk sjølsagt rett! Vegen over Hardangervidda er ein av dei finaste fjellovergangene i Noreg der turister og andre ferdefolk køyrer i hopetall over. Men vidare frå Haugastøl og ned gjennom Hallingdal kunne bilisten fyrst køyra i 1939. Dette var året då det siste vegstykket fra Haugastøl til Geilo vart bygd ferdig.

Det fanst ikkje offentlege veger i Eidfjord i 1840 åra. Det var bare lokal ferdsle mellom gardane og frå gardane til stølene Vidda. Sameleis var det òg ferdsle mellom austland og vestland.

Mellommange framlegg i eldre tider om vegsamband frå aust til vest, fanst det i 1881 forelå det planer om ein veg frå Eidfjord over Sysendalen eller Hjølmo til Numedal. Denne planen vart ansett for å vera så viktig at ein ville at anlegget skulle byggjast heilt for statens rekning. Men planen fekk òg sine motstandarar trass i dette. Ein av dei som gjekk mest imot var amtmannen (fylkesmannen). Han var redd for at eit slikt tiltak skulle koma i vegen for andre og viktigare anlegg.

Den same tvilen kom fram i 1909 òg - det året då Bergensbanen vart åpna. Då vart det hevda at jarnbanen(!) burde ta all kostnad med veg mellom Eidfjord og Haugastøl. Det var ellers ein naturleg tanke, for det ville i fyrste rekkje vera jarnbanen som fekk foremoner av ein veg frå Hardanger - særleg med tanke på driftetrafikken, som då jarnbanen kom vart ein viktig inntektskjelde for NSB.

I 1882 vart det løyvd penger til et hovudveganlegg mellom Nedre Eidfjord (Vik) og Øvre Eidfjord (Sæbø). Løyving i 1895 sytte for at arbeidet kunne ta til fram til Tveito. Tilskot i 1899 og 1904 gjorde at arbeid på strekningena Tveito-Måbøvatn og Måbøvatn-Garen kunne setjast i gang. Desse tilskota var såkalla distriktstilskot.

Stortinget òg ytte sitt. Det gav tilskot i åra 1901-1902-1903 og 1904. Løyvingene gjekk i hovudsaka til strekkingen Sæbø-Måbøvatn. I 1905 samtykte Stortinget i at ei besparing kunne nyttas til ei omlag 80m lenging av vegen ved Måbøvatn. Med desse 80 metrane var vegen frå Måbøvatn til Garen påbyrja.

Vegdirektøren tilrådde i 1908 at vegen vart bygd heilt fram til Garen. Han tok samtidig atterhald om vidare vegbygging til Bergensbanen ( i tilfelle til Haugastøl stasjon). Den gongen meinte ein at vegen over til Haugastøl måtte anten verta drifteveg eller utsetjast til ei fjern framtid. Stortingsløyvingar til anlegget vart gjevne i åra 1909-1910-1911-1912 og 1913. Distriktstilskot vart gjevne i åra 1899 og 1901.

I 1894 var bruene ved Tveito og Måbø i dårleg stand. Dette kom truleg av flaumen i 1880. Reparasjonan vart utførde i 1895. I 1898-1899 seier vegdirektøren at brune på Tveito og Måbø er så skrøpelege at dei er til fåre for ferdsla. Dette kan tyda på at vølingsarbeidet kanskje ikkje var forsvarleg gjort. I 1891 var Eio bru ferdig.

Av dei mange som reiser gjennom Måbødalen i dag, er det sikkert få som tenkjer på de gamle vegar og stigane. Dei fleste haster gjennom dalen med heilt andre mål i tankane. Men det finst òg dei som stogger for å ovundra den gamle riksveg 7 som slynjger seg gjennom dalen.

Dei ser på dei fantastiske murane som den gamle vegen kvilar på. Har det verkeleg vore mogeleg å køyra der? Spørsmålet kjem gjerne til oss frå utanlandske turister, og me svarar stolte: "Jau då, inga sak det!" Gløymd er den skjelvande foten på bremsepedalen nedetter på glatt vintertføre. Gløymd er òg den gongen du stod fast med campingvogna mellom Byrkjenes og Storagilsnes. No er den gamle riksveg 7 vorten sykkelsti, og me kan med freidig mot fortelja om alle svimrande opplevingar me har hatt her i dalen, det er opplevingar som turistane må synast høyrer til ei anna verd enn den verkelege.



Den gamle riksvegen i Måbødalen vert stort sett bygd med handamakt, Både boring og sprengjing - og ikkje å gløyma alle dei utrulege murane som liksom klorer seg til fjellet. Vegarbeidarane kom stort sett frå bygdene omkring; serleg kom dei frå Røldal. Det kan koma av at røldølene hadde røynsle i vegbygging frå anlegget over Haukeli som vart bygd noko tidlegare.

Margrete Bu fortel om vegarbeidarane:

"Synlege merke har ein den dag i dag korleis en tok seg fram i det ville og farlege fjell. Men dei var vaksne opp i ein hardbalen natur og bar preg av det. Så dei hadde eit realistisk syn på liv og død. Dei gjekk kvar dag til arbeidet med livet i neven. Ein sann historie frå den gang viser det: Dei var komne til toppen av Måbødalen med vegen. Ein sunnfjording var syning og kom til Ranveig-Sjur med beskjed om at far hans var død. Ranveig-Sjur var ståande litt, og togg og togg. Så sa han:"Da æ fort gjort, jaggu æ da so". Og så forsatte han arbeidet"

Ja, soga skal være sann!

Om bruken av den gamle riksvegen kan me nok seia at me veit mykje, men verre vert det når spørsmåla gjeld historiske fakta: Når er vegen bygd? Låg det en kløvstig der før? Og i såfall, kor gammel er han? Ja spørsmåla er mange, og er ikkje alltid like lett og enkelt å svara. Nokre har nok ein tanke om at det må ha gått ein eller annan stig gjennom dalen, men dei fleste må melda pass når det gjeld fakta. Og det er naturleg nok, for kunnskap om dei gamle stigene i Måbødalen er det få som har. Kunnskapen avgrensar seg gjerne til nokre perifere opplysningar om Måbøgaldene, denne vidgjetne trappevegen i Måbøberget som heilt skuldlaus er vorte del av den Store Nordmannsslepa. Men den æra skal ein annan fjellveg i eit anna dalføre i Eidfjord ha.

Trappevegen i Måbøberget er populært og gale vorten kalt for Måbøgaldane. Ordet "galder" er ikke noko gamalt ord i hardingmålet, men det finst på Austlandet og er etter det sakkundige seier innlånt i dette namnet. Eldre folk i Eidfjord - eller dei som har kunnskap om det - sier "træppuna i bærje" om Måbøgaldane, eller trappevegen i Måbøberget.

Som sagt er det få som har kunnskap om dei gamle stigane i Måbødalen. Jamvel for dei eldre i Eidfjord er mange av fjellvegane ukjende - og det er naturleg nok. Det er lenge sidan dei var i bruk, og med åra har dei

fleste grodd til. Berre her og der kan du sjå spor etter ei kvorven tid. Og dei spora du ser, får gjerne dei store orda til å koma fram. Særleg om folket som før med tunge bærer på nesten uframkomelige stiger. Me prøvar å gjera oss tanker om dei, og aner - utan og heilt å forstå det - slitet som for dei var ein del av dagleglivet.

## Kapitel 6: "Det maatte da ogsaa være uhyggeligt at bo her"

---

### O. Olafsen skriv om Måbø:

"Den øverste Gaard: Dalen nedenfor SysSENDalen var i ældre Tid Maabø, som tilhørte Halsnø Kloster. Da Gaarden hørte til det saakaldte Halsnø KlosterGods, følger deraf, at den maa være en temmelig gammel Gaard, i alle Tilfælde fra Middelalderen. Men den har vidstnok været ubetydelig og ofte ligget øde. Det maatte da ogsaa være uhyggeligt at bo her ganske afsondret fra andre Mennesker, og uden Vei til Bygden"

Det var ingen rimeleg grunn til at nokon skulle ferdast i denne tronge og veglause dalen før det vart busetnad. Skulle ein til fjells var det andre og mykje lettare veger å ta. Jamvel etter at den fyrste busetnaden kom, var det berre lokalveg mellom Måbø og Lund.

Garden Måbø ligg øvst i Måbødalen. Kor lenge det har butt folk der, kan ein berre gissa på. Sume tek eit jernalderfunn på Måbø som ein peikepinn om at dalen var busatt i yngre jernalder. Truleg vart garden teken opp som øydegard på 1600-talet. De fyrste oppteikningane om garden finst i ein bygseltaksering over offentlig jordegods i Hardanger len i 1633. Då tilhøyrdte han Halsnøy klosterGods:

"Måbø: tilhører Halsnøy klosterGods: 1/2 løp smør, 1 bukkeskinn, sår 1/2 tønne. Taksert til 3 riksdaler. Ligger høyt tilfjells. Ingen god åker, eng eller andre lunder"

Det vert fortalt at garden i 1657 fødde ein hest, 1 ukse, 5 kyr, 1 kvige, 8 geiter, 2 sauer og to lam. I matrikkel fra 1886 kan ein lesa at det på Måbø var to brukarar. Dei hadde 7 mål åker og 20 mål eng. Dei fødde ein hest, nokre storfe og ein del sauer. Og det vert nemnt på same staden at garden var særst tungdriven og utsett for sviding.

I 1748 fekk to brør bygselbrev på garden og delte han mellom seg. Seinare vart garden Måbø - ved ein auksjon over Halsnøy klosterGods - kjøpt opp og selt til brukarane i 1759. Dermed vart dei sjøleigarar. Dei nytta seg av SysSENDalen til støl. Til eigedommen høyrde òg Vøringsfossen.

Alt i 1898 vart 2/15 av fossen selde til ein privatperson. Denne retten vart sidan overdregen til staten.

Frå 1838 er Måbø delt i to bruk. Etter det som er fortalt meg, var det eine bruket sist forpakta av Martha Tveito. Det vert fortalt at då Martha ein gong hadde vore på Tinden for å sjå til sauene, vart ho uviss på om ho hadde late att døra i selet. Endå om det var langt på dag, tok ho ein stormlykt i handa og før opp mot Kyrkjeskori. Var døra open? Nei, det har eg aldri fått svar på.

Staten ekspropierte også garden, men dei to systrene heldt fram med å driva han. Bruket - utan vatn- og strandrettar - ble seld attende til systrene i 1939. Martha døydde i 1959, sidan budde Gurid Måbø åleine på garden til ho døydde i 1967. Frå den tid har det vore stilt på Måbøgardene.

På Måbø kan ein sjå at innmarka er oppdelt av røyser og steingjerde. Her og der kan du sjå spor etter vatningsvegane, som var så vikti for at bøen ikkje skulle turka opp om sumaren. Frå ein oppdemd dam like i nærleiken av garden førde vatningsanlegget - noko oppmura og noko nedsprengt - det dyrverdige vatnet ut på bøen.

Kyrkjeskori var stølsvegen for bøndene i Måbødalen. Til garden Måbø høyrde stølane Tinden, Åstestølen og Hengelidi. Åstestølen hadde dei i lag med Tveito. Både frå Tveito og Måbø gjekk det stigar opp Kyrkjeskori, fyrst som to åtskilde stigar, deretter - rett ovanfor urda nord for Høgdene - gjekk dei saman. For å finna dei må du vera lokalkjend. Det greiaste er gjerne å gå stigen fra Måbø. Lett å finna er han ikkje, men er du litt tolmodig går det bra. Går du på gamlevegen rett før tunet på Måbø, finn du staden der vegen tek opp, rett nedanfor den vesle tunnelen. Har du fyrst funne det punktet, er resten etter måten lett. Men sjå opp for steinsprang og annan styggedom!

Kor dramatisk det enn ser ut i Kyrkjeskori, var det dagleg liv å ferdast der. Ofte måtte ein gå på så smale skorter, at det er til og undrast på at det i det heile gjekk bra. Kyrkjeskori vart òg brukt som driftaveg. Det hende i 1880, da det var ein stor flaum i Måbødalen. Dette førde til alle bruene vart borte. Lars Ola Garen måtte det året fara med driftafeet sitt opp gjennom Kyrkjeskori.

Som tidligere nevnt, tykkjest det vera mykje overdrive, det som

trappevegen i Måbøberget har hatt å seia for den Store Nordmannsslepa. At vegen i Måbøberget er viktig kulturhistorisk sett, er sant og visst, men det er dei andre fjellvegane i Eidfjord òg, slik som vegane til fjells i Simadal og Hjølmodalen. Desse to dalane har busetnader som er eldre enn busetnaden i Måbødalen.

Samanlikna med andre fjellvegar i Eidfjord er vegen i Måbøberget ein heller ny veg. Etter alt å døma er det enno ikkje 200 år sidan dei byrja å bruka vegen her, og alt 80 år etter den var bygget, var vegen mykje godt komen or bruk.

Ein av dei eldste vegane i Måbødalen er som tidligere nevnt den gamle stølsvegen for Måbø og Tveito - Kyrkjeskori - til stølane Hengeli og Tinden. Denne vegen vart nytta alt lenge før trappevegen vart bygde. Men før den vegen kom til, var opptaket gjort på Tymberløypet og Storgilsvegen. Me vil ikkje gjera det kulturhistoriske verdet av trappevegen mindre enn det er, men det springande punktet er at den Store Nordmannsslepa ikkje gjekk der. Det var svært mødesamt å gå i berget, og mange stadfestingar finst på det.

"Nedover denne overmaae steile Gald stiger man paa Fjeldpynten, gennem Skorter og Ur med maaske 1000 Fod eller mere, inden man naaer Dalen under. Veien er flere steder dannet af Stene lagte i Trappetrin"

Vi måtte meget ofte hvile på trappen, og mine ledsagere forsikret at de alltid i et par dager efter å ha befart den med oppakning var stive og ømme i underekstremitene, hvilket jeg finner såre naturlig"

Opphavsmannen til dei siste orda er Prof. Chr. Hansteen, som gjorde ei rekkje geografiske og magnetiske granskningar på ei ferd over Hardangervidda i 1821. Og det er dei vidgjetne trappene i Måbøberget det er tale om. Orda kom etter at han hadde gått ned berget. Det er han som er grunn til at trappevegen har "1500 trappetrinn og 124 slyng". Eg har ein mistanke om at den gode professor ikkje var så nøyen på kva eit trappetrinn var! Noggranne oppteikningar gjorde han heller ikkje. Det stadfester han sjølv òg, når han seier at når det gjeld slyng, så hugser han ikkje kva for eit tal som var det rette, og at saka er likegyldig! Og spør du, så held eg med han i det!

Segna seiar at Hansteen fekk med seg Per Maurseth til fossen. Der skal Per ha halde ha i føtene, medan han låg utføre kanten for å måla høgda.

Segna seier òg at då Hansteen ville vita namnet på fossen, svara Per:

"Siden du kom so lang veg for å sjå han, og vørde han so mykje, tenkjer eg me får kalla han Vøringsfossen".

Claus Helberg fortalde meg at han sjøl var tvilande til talet på trinn i Måbødalen. Sjølv hadde han prøvt å telja trinna heilt til dei vart borte i steinurda. Med svært god vilje kom han til bortimot 200! Helberg har vore skeptisk til påstanden om dei 1500 trappetrinn, og det er eg òg. Eit anna poeng, som Helberg nemner, er at ein som går trappene for fyrste gong, knapt gjev seg til å telja trinna, og det må ein vera samd i.

## Kapitel 7: Tidsepokane for vegsystemet i Måbødalen

---

For at lesaren betre skal få innsyn i vegsystemet i Måbødalen, er det turvande med ein del opplysingar om dei røynelege tilhøva.

Ferdsla i dalen kan grovt sett delast i to hovudepokar: Før og etter bruene. Bruene hadde alt å seia for gjennomgangstrafikken. Det var ikkje var råd å vada over Bjoreio. Noko hestevad var det ikkje heller. Det fanst rett nok muligheter for å krysse Bjoreia ovanfor Måbøvatnet øvst i dalen, men den hadde ikkje noko å seia for trappene i berget.

Som nevnt finst det ikkje oppteikningar om busetnad i Måbødalen før etter år 1600. Og før det vart busetnad i Måbødalen, fanst det ingen rimeleg grunn til at nokon skulle ferdast i denne tronge og veglause dalen. Jamvel etter den fyrste busetnaden var det berre lokalveg mellom Lund og Måbø. Før brua på Sæbø kom - og Sysendalsbrui - var Sysendalen i grend med Lund, og hadde sitt båtstø der. Måbø hadde òg båtstø på Lund, og det vert den dag i dag kalla Måbøstøet.

Det er viktig å merka seg at sysendølene er i grend med Lund. Hadde sysendølene - som fyrst vert nemnde i skattemanntalet av 1629 - brukt Måbøberget, ville dei ha vore i grend med Måbø. Sysendølene hadde i den tid en av bygdavegene sine om Åstestølen, Tinden og ved Gjuvadalen. I Gjuvadalen gjekk òg materialtransporten til Demmevasshytta i 1894. En annen veg gikk om Skisete, Tjukkaskog og ned Hjølmadalen.

Dei vegane som fantes på 1500-talet - Kyrkjeskori og Tymberløypet - hadde på den tida ingenting å seia for ferdsla gjennom dalen, til det var dei alt for vanskelege og utilgjengelege. Desse vegane var det dei fyrste fastbuande i Måbødalen som nytta.

Kven hugsar ikkje den vinterdagen for nokre år sidan då to trailerar køyrde utføre stupet øvst i Måbødalen, rett ovanfor den øvste tunnelen. Truleg er den dramatiske vinterdagen framleis samtaleemne for mange når dei fer framom staden. Lite aner dei at det var like nedanfor staden for denne ulukkelege hendinga, at den eldste ferdslevegen i dalen gjekk.

Det var ved gården Måbø at Tymberløypet byrja. Derifrå gjekk han mot aust til fyrste svingen på gamle R 7. Der tok han av og gjekk opp

gjennom ei lita gjel. Tek deg tid i steinurda der, og bruk fantasien. Det er nok av stader der ein veiedemann i gamal tid kunne finna livd.

Tymberløypet heldt så fram på vestsida av Bjoreio opp til Måbøvatnet og langs nordsida av vatnet fram til elvaosen ved innlaupet. Der gjekk han over elva, ein eller annan stad mellom Byrkjenes og Storagilsnes. Rett aust for Storagilsnes byrja oppstiginga mot Høl. Der ligg ein gamal grunnmur etter eit hus som var oppsett i samband med det fyrste veganlegget for R 7 opp Måbødalen. Over 300 år seinare skulle turistvegen inn til Vøringsfossen kryssa Tymberløypet nett her.

Frå grunnmuren stig Tymberløypet i fleire slyng heilt til dess han gjekk nokolunde rett bort til steinurda like nedanfor øvste munningen til Dalberggtunnelen. Så gjekk han vidare i slyng att oppover derifrå. Ein kan sjå deler av vegen rett til høgre for den øvste munningen av Dalberggtunnelen, ovanfor vegen. Derifrå og fram til Høl er han grei å fylgja. Frå staden der Tymberløypet byrjar på si rette line, tek Storagilsvegen utgangspunktet sitt.

Oppetter mot høgda kryssar Storagilsvegen den gamle riksveg 7 rett føre fyrste slyng og likeeins mellom tredje og fjerde slyng. Han gjekk framom like føre toppen av rasteplassen som er lagd ved den nye R 7, eit stykke nedanfor Dalberggtunnelen. Store deler av både Tymberløypet og Storagilsvegen er no øydelagde av vegarbeid opp gjennom åra. Før den nye vegen vart lagd i Storagilet kunne ein der sjå restane etter av ei smie som var i bruk ved det fyrste veganlegget i Måbødalen.

På eit foto - truleg tatt frå Skaggen i 1924 - ser ein tydeleg både Tymberløypet og Storagilsvegen. Like eins finst det ei kartskisse over noko av veganlegget i dalen, er er Tymberløypet og Storagilsvegen innteikna. Foto og skisse finst i "Meddelelser fra veidirektøren (okt. 1924)".

Men som me om litt skal sjå, er det fleire vegar i dalen. Etter det eg skjønar er det truleg ikkje mange dalføre i Noreg, som på eit så lite område har så mange ulike ferdslvegar.

Innvendingar om at både Tymberløypet og Storagilsvegen må være kommet til etter at turistvegen i Måbødalen vart bygd, er ikkje urimelege. Men kva kan ein ikkje lesa i ein artikkel der forfattaren fortel om ei utferd til Vøringsfossen:



"... Med vor gamle Mand drog vi langs Elvebredden til Fossen, og da vi hadde lyst til at se samme nedenfor, for - om det var muligt - at faa et Prospect af den, maatte vi deels klavre, deels glide ned ad et Tømmerløb, som var meget steilt, og derpaa henad nogle besværlige og for hovedsvimle Personer vidstnok farlige Stier, indtil vi kom ned til Elven lige over Vandfaldet i nogle hundrede Fods Afstand."

**Som ein ser: skildringa av Tymberløypet er skriven omlag 50 år før enn turistvegen vart bygd. Men også kaptein Hille under sin befarung i Måbødalen registrerte disse to vegene:**

"Jeg har tidligere været i uvished, om det lod sig gøre fra bunden af dalføret i nærheden af fossen at naa op til det sted, hvorfra Fossen ovenfra gennem lange tider har været seet. Det har forekommet mig, som om det vilde være meget beklageligt, om man ikke ogsaa kunde faa tage med den storartede og gripende udsigt uden at rejse helt tilbage til Maabø ... Jeg har nu i sommer ladet undersøge, om det maatte være anledning til at faa en forbindelse mellem foden og toppen av fossen, og fundet, at dette lader sig gjøre paa to steder"

**Når bøndene i Måbødalen skulle bruka Tymberløypet og Storagilsvegen var det naudsynt og kryssa Bjoreio. Dette var mogeleg ovanfor Måbøvatnet. Derifrå og opp på vidda var det etter måten lett. Men korleis skulle ein koma frå Måbø og opp til Måbøvatnet?**

Sørsida av elva frå Måbø og opp til Måbøvatnet var ikkje framkomeleg. Endå om det hadde vore bru på Måbø - ei bru som kom fyrst omkring 1780-1790 - ville det ikkje ha vore mogeleg å koma forbi fjellet som nokre stader - på sørsiden av elven - mellom Måbøvatnet og Måbø går loddbeint i elvabotnen. Difor måtte den einaste mogelege framkoma vera å finna på nordsida. Eg trudde at det var like umogeleg å finna ein passasje her som på sørsida. Her var det viktig å finna ei kjelde som kunne stadfesta at det var mogelig for dei fyrste fastbuande i Måbødalen og ta seg fram på nordsida av elva! Noko anna var heilt enkelt ikkje mogeleg.

" ... idet jeg fra Måbø arbeidet meg fram langs elven, intil jeg stod like over det mektige vandfall. Man vil på forespørsel få det svar, at der er ganske ufremkommelig langs elven. Denne antagelse er alminnelig utbredt, og jeg ble

derfor meget behageligt overrasket, da jeg fant, at det forholdsvis ikke var så stor sak å arbeide seg fram gjennom dalføret hen til fossen. Den nordre side av dalen, som jeg fulgte, består nesten utelukkende af storsteinet ur, som er trettende og tildels vanskelig å passere ... "

Opphavsmannen til desse orda er Kaptein L. M. Hille, "far" til turistvegen. Sitatet er henta frå meldinga hans om korvidt det er mogeleg å byggja ein turistveg inn til Vøringsfossen. Det er et stykke av Tymberløypet han skildrar, fjellvegen som han nytta seg av i det store og heile på rekongnoseriringsturen sin inn til Vøringsfossen.

Hille skriv diverre ikkje meir i detaljer om synfaringa si. Men det som er visst, er at Hille ikke har kryssa Bjoreia ovanfor Måbøvatnet. Som kjent er turistvegen bygd på sørbreidda av Bjoreia. Synfaringa av trasèen er med andre ord gjord frå den motsatte elvesida, då er det ikkje å undrast på at det kunne koma uventa ting.

Noko av det uventa var brua som måtte byggjast like inne ved fossen.

"Når man er kommen frem så langt, at man skulde glæde sig ved synet af det mægtige vandfald, så springer det frem en fjeldpynt lige ved foden af fossen og skjuler henimod tredjedelen af dens fald. Dette kunde ikke observeres forrige år fra den anden elvebredd. Det vil derfor blive nødvendigt at gå over elven med en bro til den anden side af dalen, hvorfra man har et rent og fullstændigt syn af fossen"

Kostnaden med brua på 75 spesiedaler var slett ikkje budsjettert, men pengesummen vart likevel skaffa til vegen ved ein donasjon fra stamhusgodseigar Rosenkrone i Bergen. Turistvegen vart etter medverknad av Den Norske Turistforening bygd i åra 1870-72. Kostnaden vart tilslutt 566 spd som var 266 spd meir enn budsjettert. Han vart åpna i juli 1872 av dåværande prins Oscar.

Standarden på turistvegen var god etter dei krav som tida sette. Ja, sume meinte - særleg då kaptein Hille - at det var deler av den vanlege bygdeveg i dalen, for ikkje å snakka om trappevegen i Måbøberget, som var av ein dårlegare standard. Men kritiske røyster steg òg opp. Dei hadde venta seg mer av vegen enn det som var gjort. Denne kritikken meinte kaptein Hille var heilt urettferdig:

"Jeg skylder da og føye til, at disse bemerkninger skrive seg fra saadanne, der gjerne vil tage med fordelene og behagelighederne af, hvad der er utrettet, men som ikke have havt nogen fordring til seg selv til at være behjelpelige med at få noget mere fullkomment istand"

Kanskje låg den fyrste bomstasjonen i Måbødalen. Visst er det at Den Norske Turistforening alt i i 1872 hadde ein "bomstasjon" ved brua inne attmed med fossen. Dette vart det slutt med i 1895. Men det var andre enn DNT òg som nytta høvet til å tena ein ekstra skilling. Ein av dei var Ola på Måbø. Slik som han såg det, var stigen førd over eigedomen utan løyve. Difor meinte han at han hadde krav på såkalla grindapenger. Og takstane? Ja, dei var dei same som ved fossen. Kun bygdafolk og medlemmer av DNT slapp å betala.

Kva skal ein tru dei sa, dei engelske lordane når dei i denne avgjøymde bygda i det fjerne landet Noreg vart kravde for grindapenger opptil to ganger for dagen? Eller kan henda vart dei ikkje det? Truleg var det den gongen som no skilnad på kong Salamo og Jørgen hattemaker.

Kaptein Hille var ikkje berre "far" til turistvegen. Det var han som tilrådde at det skulle krevjast inn bompenger òg. Alt då planlegginga med finansieringa var i gang, var det på tale å leggja på ei friviljug avgift - som Hille meinte kvar vandringsmann ville betala. Når dei brukte turistvegen, ville dei som skulle til fossen sleppa å leiga vegvisar opp Måbøberget og fram til fossen. Det skulle seinare syna seg at for å kunna halde veggen ved like, vart det naudsynt - også etter tilråding av kaptein Hille - å krevja inn faste bompenger.

Å arbeide opp veg i steinrøysa som heile strekninga låg i, stort sett, må ha vore eit vanskeleg arbeid. Overalt var det skort på tenleg vegdekke. Nesten all jord og grus måtte berast fram i kiper. Materialar til brua innunder fossen vart kjøpte i Granvin. Derifrå vart dei førde med båt til Eidfjord og kjørde med hest til Eidfjordvatnet, der dei vart fløytt over. Vidare vart dei kjørde opp til Tveito, og derifrå vart dei sidan borne eller dregne langs elva til arbeidsplassen.

Om du - nesten inne ved brua - får auga på ein grunnmur, då er det restane etter Fossastova du har funne. Dette var ein kafe og overnattingsstad, og han vart åpna i 1870-åra, flytt i 1917 til øvre Eidfjord. Når kafeen trong mjølk og fløyte vart Storagilsvegen brukt til stølen Bergalidi,

som ligg rett vest for Høl.

Det var i hovudsak var det granskarar og vitskapsmenn som før inn til Vøringsfossen. Fleire av dei heldt fram inn på Hardangervidda med førar. Men også ei anna gruppe folk dukka opp etter at turiststigen inn til fossen var ferdig. Det var rikfolka. Dei kom ofte - særleg dei engelske - med eigne båtar. Fyrst ved 1862 fekk Eidfjord eiga dampskipsrute. På slutten av 1800-talet kom cruise-skipa og sette fart i turisttrafikken.

Sjeldan eller aldri har vel Eidfjord hatt så mange reiseførarar samtidig. Det var reiseførarar som sjølv sagt òg fungerte som skysskarar. Reglane var strenge for dei. Kontroll av seletøy og redskapen vart gjord av lensmannen, og nedre aldersgrense for skysskarar var 16 år.

Tid tok det å ta seg inn til Vøringsfossen. Det var ikkje veg mellom Øvre og Nedre Eidfjord før i 1891. Før det året laut en ta seg fram over Eidfjordvatnet med båt. I 1905 var vegen ferdig fram til Måbøvatnet. No vart det lettare å koma inn til fossen, og ferdsla auka mykje.

Det siste tidsromet i saga om vegsystemet i Måbødalen er tida etter at turistvegen inn til fossen vart ferdig i 1872. Med den vegen fekk Tymberløypet og Storagilsvegen mykje meir å seia enn før. Ferdslmønsteret i dalen vart heilt endra. Ei utbreidd mistyding er det når det vert hevda at då Ola L. Garen i 1880, bar materialane opp til det som skulle verta Fossli Hotell, var det Måbøberget han nytta. Det er ikkje rett, det var Tymberløypet som ble vart nytta.

Tymberløypet vart omkring 1888, etter at Ola Garen hadde sett seg i brodden for å få den vegen utbetra til transportveg, den vanlege vegen til Sysendalen. Han vart nytta heilt til dess riksvegen opp Måbøberget vart ferdig i 1916. Dei gamle vegane i Måbøberget vart ikkje lenger vedlikehaldne etter dette, og dei kom i forfall. En tidsepoke var over.

Om dette er alle stigane i Måbødalen? Neida, det finst fleire, endå om dei til no har vore omtala, må reknast for hovudvegar. Det gjekk ein stig i Magnhildskor og èin i Tveitaskor. For dei som hadde sauer, var ein tur i Svinagili noko ein måtte ta med.

To andre fjellveger i Måbødalen skal nemnast, det er vegar som veidemennene i dalen brukte. Den eine som me skal kalla Kvernhuskorvegen er komen til etter at Turistvegen vart bygd. Han går ut fra

Turistvegen ved Kvernhusaugene, går så opp Kvernhuskorene over Gamlaberget fram mot Høl. Den andre fjellvegen var og er ein heilt lokal veg fra garden Tveito. Han vert kalla for Yksnarlivegen.

Når ein på Tveito gård ser etter mogelege stader for å koma til fjells på sørsida av Bjoreio, merkar ein fort at mange er det ikkje. Det beste er å gå over Dansarnuten frå nordsida. Derifrå synes det lett å ta seg vidare oppetter. Men så heilt enkelt var det ikkje. Rett nok var dette ein lettare veg etter lendet, men det tok for lang tid. Bättre var det då å gå opp på søraustsida - rett opp bratthenget. Slik spara ein tid. Korleis dei kom seg opp? De brukte stigar sjølvsagt! Ein ikkje uvanleg måte og ta seg til fjells på.

## Kapitel 8: "Broerne er nu faldefærdige, ja livsfarlige at passere"

---

I ei liste som futen Koren gjev i 1786 over bruene i Hardanger nemner han Simadalsbrui, Tveitbrui (Tveit i Simadal), Sæbøbrua og Sysendalsbrua. Måbøbrui og Tveitobrui er ikkje nemnde. Ein forstår av lista at bruene er nyst bygde, eller i alle fall ikkje meir enn 10 år gamle.

Brua på Sæbø vart truleg bygd for å utnytta hamnehagen på andre sida av Bjoreio, der det i dag er skytebane. Brua fekk sjølsagt sitt å seia for samferdsla i bygda, men ferdsle mønsteret i Måbødalen vart knapt mykje endra av den grunn. Sysendølene nytta framleis Gjuvadalen, Tveito og Måbø av Kyrkjeskori. Vegane inst i Måbødalen var enno så utilgjengelege at det ikkje kunne verta nokon gjennomgangs trafikk. Først på 1800 tallet kommer de første vitenskapsmenn, forskere og turister gjennom dalen.

Fyrst etter at brua på Sæbø var bygd, vart arbeidet med bruene på Tveito og Måbø påbyrja. Kolltveit seier at det vart skriva ut pliktarbeid i heile Eidfjord sokn, og at trappene i berget må vera laga etter offentleg oppdrag. Olav Kolltveit nemner på same staden at bøndene på Erdal og Bu i 1786 klagar til futen over at dei er pålagde pliktarbeid på ein fjellveg to mil borte. Det er all grunn til å tru at pliktarbeidet gjeld bruene i Måbødalen og trappevegen i Måbøberget. Det må difor vera like god grunn til å hevda at trappevegen tidlegast har vore bygd i slutten av 1780-åra.

Eg trur at denne vegen vart bygd hovudsakleg for bøndene i Måbødalen og Sysendalen. For sambandet mellom aust og vest vart han ikkje bygd. Dette sambandet hadde andre og monaleg betre vegar til fjells, og det var vegar som alt hadde vore i bruk i mange hundre år.

Då bruene vart bygde, vart ferdsla i Måbødalen ei heilt anna. Bøndene i Sysendalen byrja no å fara gjennom dalen. Dette hende truleg fyrst i kring 1790-1800. Men problemer dukket også opp etter at broene var ferdig.

Som tidligere nemnt var vegdirektøren i 1898-1899 uroleg for bruene i Måbødalen. Dei same styresmaktane var ikkje så uroleg omkr. 1850. Frå den tida finst ein søknad om 222 spd hjå amtstinget (fylkestinget). Pengane trongst til vøling av vegen i Måbøberget, dessutan til Høl-,

Tveito- og Måbø bruer. Svaret frå vegnemnda på søknaden er eit vitnemål om at Måbødalen berre var til lokalt bruk:

"Denne post angaar en udgift, der, strengt taget, vel ikke kan indrages under veilovens bestemmelser, thi de omhandlede broer ligger hverken paa nogen hoved- eller bygdevei. De ere nødvendige og gavnlige for omtrent 14 opsiddere, der bebo den inderste bund av Eidfjord ... og for de 4 af disse, hva de to broer angaar, aldeles uundværlige, da de uden dem lettelig kunde komme til at dø hungersdød i deres hjem, fra hvilket ellers al(!) udgang er spærret. Broerne er nu faldefærdige, ja livsfarlige at passere ... samtlige opsidderses fromuesomstændigheder ere ringe, og dersom man saaledes ikke vil komme dem tilhjelp er det al sandsynlighed for, at deres eiendomme der sanrt maa blive forladt af mennesker og lagte øde"

Og det moralske syn sigra. Pengar - 122 spd. - vert løyvde til bruene på Måbø og Tveito. Brua på Høl får derimot inga løyving. Grunnen til det er at vegnemnda syntes at elva renn såpass roleg der at det kan brukast ein båt til å føra folk og beist over.

I 1854 var amtmannen sjøl på synfaring til Høl-brua. Ei tilråding om å løyva 100 spd vart teken til fylgje. Sameleis ei løyving i 1857 på 78 spesiedaler til Tveito bru. I 1865 vert det løyvd 20 spd til trappevegen i Måbøberget. På ny vert det sendt inn søknad om løyving til å utbetra bruene på Tveito og ved Måbø. Det er i 1874, men søknaden får avslag. Tilskot - på kr. 400,- - vert likevel gjeve til brua ved Høl.

## Kapitel 9: "Til Hjølmo eller Høl gaar ogsaa den mest befarede Hardanger-fjeldvej fra Ubdal i Numedal"

---

Det er ikkje råd å gå utanom menn som Hansteen, Bergh, Breder, Munch og Hermoders reisefylgje som alle gjekk ned Måbøberget. Kvifor gjorde dei det, om ikkje Nordmannsslepa gjekk der? Til det er det berre eit svar: Vøringsfossen. Hermoders reisefølge gikk i tillegg også ned Tymberløypet.

Årstala for fjellreisene deira fall mellom 1820-åra til seint i 1860-åra. Hansteen skulle eigenleg ikkje fara denne vegen i det heile. Han tok feil av vegen på eit tidleg tidspunkt. Han skulle eigenleg til Nordmannsslågen og det Søre Nordmannsslepet, og så om Hadlaskard ned til Sørfjorden. Men Hansteen og følge fulgte en sti som gikk for langt sør. Dermed fikk de ikke se Nordmannsslågen.

Munch, på si side, visste mykje meir om fjellvegane:

"... Tilbageveien bør man tage over Berastølen og Hjælmo, for at betragte de smukke Fosser i Hjælmedalen. Til Hjælmo eller Høl gaar ogsaa den mest befarede Hardanger-Fjeldvei fra Ubdal i Mumedal over Jøndalen, Vigelidstølen, Geitsjø, Thormodflott, Holmetjærn- lægeret, Nybudalen, Drolstølen og Algardin."

Munch si rettleiing er detaljert og klår. Hovudfjellvegen frå Eidfjord gjekk gjennom Hjølmodalen, over Tjukkaskog, Berastølsdalen, Hadlet, Fruo og Drolstølen. Over Drolstølen gjekk også vegen frå Høl og Sysendalen.

"... det ikke ubetydelige Fjeldet, Algardin, skiller dem ad, og ved Foden af dette sees de ovenomtalte Morainer eller Spor af Gletcher. Opad Bergdalen forbi Berastølen og Algardin, gaar Hoved Fjeldveien fra Hjælmo til Østlandet, og for-ener sig ved Drolstølen ved Veien fra Sysendalen"

Eit av fleire vitnemål på at folket i Sysendalen gjekk over Drolstølen når dei skulle austetter.

Det finst synsmåtar som går ut på at den Store Nordmannsslepa har gått



over Maurset. Dette finn eg usannsynleg. Det finst skriftleg kjeldemateriale som gjev døme på kor vanskeleg og nesten utilgjengeleg lende det var.

"Fra Garen fortsættes til Maurset, den sidste gaard paa denne side af fjeldene. Her ophører ethvert spor af sti, og vej maa søges, hvor den bedst findes; kun hist og her skimter man den vej hvor kreaturene have taget"

Det som er avmerkt på kartet som den Store Nordmannsslepa på strekningen Løkjafeti og ned mot Rinden er driftevegen frå Krossdalen til Numedal. Både i Krossdalen og ved Våkåvadet låg dei med store drifter. Mellom andre drog Sylfest Sæbø stort sett alltid med driftene sine derifrå.

Frå Drolstølen gjekk vegen til Krossdalen langsmed Drolstølgjeli. Vadet som vart brukt, var Våkåvadet. Skulle ein frå Krossdalen mot Hallingdal, gjekk vegen om Gjerobotn (Gjerdebotn), Skiftesjøheia (Skiftesjøhædi) og til Skuleviki. Derifrå og til Halne og vidare austetter. Yngvar Nielsen skriv om denne vegen frå Skuleviki såleis:

"... man er nu paa Skiftesjøheien, med vid Udsigt til Hardangerjøkelen og Hallingskarvet fra Ende til anden. Videre frem over mod de smaa Høider, Dyrenutene (tilv.) og Tverhaugen (tilh.); paa den sidste den store Persten med Varde ..."

På ein skitur i mai 1985 fann eg Perssteinen med varden sin på Skiftesjøhæ. Han står på høgd 1276 (den nordlegaste) 1 km aust for innlaupet til Gjerobotn.

## Kapitel 10: «forlade Bjoreias dal og derimod fra vidda at stige ned til Eidfjords vand gjennom Hjelmodalen»

---

I mange samanhenger vart det laga myter. Heller ikkje Måbødalen er spard for dette: Myten om at den Store Nordmannsslepa gjekk opp trappene i Måbøberget. Det stemmer som tidlegare nemnt ikkje. De to viktigaste slepene frå Eidfjord tok opp i Hjølmadalen og Simadal. Medan Hjølmadalen var den avgjort mest nytta fjellvegen, var Simadalsveien truleg den eldste ferdslvegen til fjells frå Eidfjord.

Gjennom Hjølmadalen gjekk den Store Nordmannsslepa. Her var hovudfjellvegen mellom Austlandet og Vestlandet. Det var her stavangerbiskopen før med fylgjet sitt, då han drog på visitasferd til Hallingdal og Valdres. Bispeferda gjekk både langs den Store og den Nordre Nordmannsslepa. Hallingdal og Valdres, og dessutan Eidfjord, låg i tida 1126-1631 under Stavanger bispedømme. Professor Daae forteller om Hjølmadalen:

"... de (føringsmennene) foretrakk derimod aldeles at forlade Bjoreias Dal og derimod fra (i stedet for Måbødalen) Vidda at stige ned til Eidfjords vand gjennom Hjelmodalen, der gaaer i S. O. op imod Høifjeldene, men som ved hiint Vand forener sig med Bjoreias Dal. De anføre nemlig, at den skal afgive en langt bekvæmmere Skraaning til at naae Fjeldet"

Inn til Bjoreidalen gjekk den Store Nordmannsslepet om Hjølmoadalen til Tjukkaskog. Derifrå om Berastølsdalen, Hadlet, Drolstøl, Hallingskeidet og fram til ein av vadestadene i Bjoreia. Det var denne vegen føringsmennene brukte til og frå Hardangervidda.

I området ved Sæbødrolstølen, sør for denne stølen og Drolstølbekken, i skråninga av Store Algarden ligg ein tydeleg oppbygd "veg". Ein veg som stort sett er øydelagd. Det er likevel tydeleg at der har vore gjort eit stort arbeid. Ved Drolstølen har det truleg vore kvileplass for driftefe. Tre Drolstølar finst: Sæbø-, Hjølmo- og Tormodsdrolstølen.

Namn frå Hjølmo og over til Sørebakken/Rinden kan fortelja om ferdsl. Halvfjerdingsbekken kan tyda "bekken som me er komne til, når me er ein halv fjørding avstad". Vidare finst Midmorgenuten. Midmorge tyder "klokka seks om morgonen". Ei mogeleg tolking kan vera "nuten som me

ser frå der og der på vegen klokka seks om morgonen". Helst er Midmorge namngjeve frå Tjukkaskog eller Berastøl. Midmorge finst og på stølsvegen frå Osa til Finse.

Hallingskeidet finst her òg. At den velkjende staden Hallingskeid ved Bergensbanen har tydinga "staden der hallingane samla seg til marknadsskeid" er det brei semje om. For dette var marknadsplass i eldre tider. Det var her dei møttes - austmenn og vestmenn - til fredelig(?) kappestrid og handel. At det har vore slik her i Bjoreidalen òg, er mogeleg. Når det er tale om sleper i fjellet, er det naturleg for dei fleste å tenkja på Nordmannsslepa over Hardangervidda - eller om du vil: Nordmenns (les vestmenn) ferd til austlandet, både med driftefe og anna. Men austmenn òg har sett spor etter seg. Hallingskeid er et døme på det, og det finnes fleire av dei.

Frå Hallingdal fører det fleire veger over til Lærdal. På ein av dei - fra Ål til Lærdal - finst det tredje Hallingskeid. Det ligg heilt inst i Fördalen, omlag midtvegs mellom Djup og Borgund. Det fjerde ligg sør for Gravdalsnosi, rett føre nedstigningen til Gravadalen.

Langs heile vegen frå Hjølmo fram til Rinden er slepa synleg og tydeleg. Her slapp dei òg alle farlege elveovergangar. Eg kan ikkje skjønna at nokon av fri vilje ville gå ut i den livsfaren det var å kryssa Bjoreio opptil tre gonger, og dessutan Leira éin gong, før bruer var komne. Særleg når ein utan vanske - seint på sumaren - meir eller mindre turrskodde, kunne vada over ved Våkåvadet, Særebakken eller Rinden. For ferdafolk som hadde med førar, var det ikkje vanskeleg å finna dei rette vadestadene. Men sjølv sagt hende det òg, at føraren sjølv måtte gje opp:

"... Utmattede af en overordentlig Hede naaede vi endeligen Bjørøiseteren ved den brede og rivende Bjørøia, som kommer ned fra Sneefjeldene og har Udspring under Lægesbu og Sildebu-natterne. Uagtet vi vare stegne betydeligen nedad, var dog Fjeldet hist og her i store Strækninger indhyllet i Vinterdragt, og Kvæghjorderne maatte, for at komme fra den ene Græsplet til den anden, vade gjennem store Sneedynger. Vi skulde nu sætte over Bjørøia paa Hesteryggen, men da den stærke Sneesmelten havde gjort den meget bred og rivende, og da vaar gamle Hardangring, der ellers ikke var vant til at gjøre mange Betenkeligheder, forsikrede, at Overfarten var forbunden med Livsfare, fandt vi det raadeligt at gjøre en Omvei af en Miils Længde"

"Bjørøia sæter" i Bjoreidalen kan anten vera den gamle Tråastølen (Trodastølen) ved Rinden, eller "Larsilundstølen". Vadestaden som fylgjet var komme til er vadet ved Særebekken. Det er difor mest truleg at det er "Larsilundstølen" fortelleren tenkjer på. Vadestaden ved Særebakken var den beste.

Skulle ein til Hallingdal, var det vadestaden ved Særebakken som vart - nytta. Skulle ein til Kongsberg - langs den Store Nordmannsslepa - var det vadet ved Rinden (Nybu) som vart brukt, men her vart ved Særebakken brukt stundom - når elva var stor. Her ved stølen Særebakken, hadde den Nordre Nordmannsslepa utgangstaden sin. Herifrå skal me følgja slepa fram til Halne.

Nybunut er ikkje vanskeleg å få auga på. Opp mot nuten går slepa mellom Vikastølen og støen Nuten. På høgde med Nybunut får du auga på ein varde rett til venstre for deg. Det ligg òg eit lite vatn der. Ser du nøye etter, finn du kryssande spor. Det du no har fått auge på, er driftevegen fra Krossdalen, som kryssar Nordre Nordmannsslepa just her. Diverre har det vorte hevda - og innteikna på kart - at veggen frå Krossdalen er den Store Nordmannsslepa. Det er gale.

På høgdedraget rett nord for Nybunut ligg ein stor varde - Hammers varde. Du bør ta turen opp dit. Når du kjem opp til han, har du Vesle Skiftesjøen framfor deg. Frå varden kan du langt borte - mot Skiftesjøen - skimta ein annan varde, det er Biskopsvarden. Frå Hammers varde går slepa på nordsida av Vesle Skiftesjøen, meir eller mindre i trasèen til riksveg 7, fram til Skiftesjøen. Ho følgjer så Skiftesjøen - også omlag i riksvegtrasèen heilt ned til Skuleviki.

Fleire stader på veggen kan du enno skimta spora etter slepa. Frå Skuleviki til Halne er det lett å finna kvar slepa gikk. I den store svingen ligg Skulevikstølen. Rett attom stølen går slepa etter at ho har kryssa Skurdevikåa. Vidare kan ein lett og greidt følgja henne under Lågahæ - men hold høgden - elles så misser du sporet av slepa.

## Kapitel 11: "Inderst i Hardanger-fiord ligger et lidet prestegield, heder Eidsfiord, och ligger til Stavangers stict"

---

Bispevegen, d.e den vegen stavangerbiskopen før på visitasferd til Hallingdal og Valdres, har i dei senare åra vore omtala. Diverre har det i denne samanhengen òg vorte laga myter. Teorien som ligg til grunn for det er at det fører ein bispeveg om Karmøy til Røldal og derfra over Hardangervidda. Deretter går vegen til Tunhovdfjorden, for til slutt å føra ned til omlag midt på Krøderen. Denne teorien er ikkje rett.

Kartet som trulig vart lagt til grunn for denne teorien er "Kart over Stavanger, Bergen og Oslo bispedømme" (Nova et accurata Tabula Episcopatum Stavangriensis. Bergensis et Asloiensis). Fyrste gongen kartet kom ut var i 1636. På dette kartet ligg ein særskilt merke til dei tydeleg avmerkte grense for bispedøma (stift). Grensene er i dette tilfelle både dei geistlige og administrative. I dette ligg truleg årsaka til teorien. Ein har rett og slett gått ut frå at grensene var vegen biskopen før. Og slik som grensene var avmerkte på kartet frå 1600-tallet, slik syner dei seg stort sett den dag i dag.

Med bakgrunn i tilgjengeleg kildetilfang, er det underleg at bispevegen over Hardangervidda har vore forvanska så mykje som det er gjort i denne teorien om ein bispeveg over Karmøy, Røldal osv. osv.

Det var i Eidfjord biskopen fekk skyssmannskap over fjellet. Desse kunne biskopen skriva berre i sitt eige bispedøme. Av den grunn - og berre av den grunn - vart difor Eidfjord førd over frå Bergen til Stavanger bispedøme omkring 1126, og lagd inn under Hallingdal prosti. I ei melding frå ein kongeleg kommisjon av 5.9.1636, kan det lesast at Eidfjord var brukt "så som for føringskabs skyld, som superintendenten (les biskopen) af Stavanger stift kunde have udi Eidfiords sogn, naar han reiste udi visitas til Hallingdal".

På bispevegen til Hallingdal og Valdres var Eidfjord eit viktig punkt. Desse dalføra låg til Stavanger bispedøme frå omlag år 1125 til omlag år 1631. Frå Eidfjord var kortast veg over fjellet til Hallingdal og Valdres. Biskopen måtte ha lokalkjende skyssfolk, og dei kunne han ikkje skriva ut i andre bispedøme enn sitt eige. Ettersom ruta måtte leggjast Eidfjord - Hol, er dette den einaste grunnen til at Eidfjord vart lagt under Hallingdal prosti i Stavanger bispedøme, Peder Clausson Friis (1545-1614)

skriv:

"... Innerst i Hardangerfjord ligger et lidet Prestegield, heder Eidsfjord, oc ligger til Stavangers Stict, oc er skifft dertil i fordums tid fra Bergen Stict, i en Sogn, kaldis Suedesogn, ligger norden for Karmsund, paa det at Bispen i Stavanger kunde dis bedre faa Forderskab offuer Fieldet, naar hand drager til Hallingdal at visitere"

Peder Clausson var sokneprest i Audnedal og vart nemnd i 1608 som archidiaconus. Han tok over plassen i kapitlet etter biskop Scavenius. At kyrkjesoknene på både sider av fjellet var sterkt knytte til kvarandre var naturleg. Eidfjord høyrde då til Hallingdal prosti: Medan Hallingdal og Valdres i 1631 vart overførde frå Stavanger til Oslo, vart Eidfjord fyrst i 1636 overført til Bergen. Ein kan difor undra seg på om Eidfjord i tida 1631-1636 var under Oslo bispedøme. Den offisielle innstillinga som gjer greie for overføringa lyder slik:

"Ved kongelig Reskript af 24 Febr. 1636 blev det nedsat en Commission for at tage forskiellige Sager under Overveielse. Medlemmene vare .... Under 5 September 1636 afgav denne Commission sin Indstilling eller Bestemmelse, hvoraf 5te Post er saalydende: Og for det sidste, belangende den permutation som respektive forrige superintendent over Bergen Stift og itzige superintendent over Stavanger stift, salig doktor Niels Paasche og mester Thomas Cortsen, have begjæret at maatte ske, nemlig at Eidfjord udi Hardanger len, som nogen tid lang haver været under Stavanger stift, maatte komme under Bergenhus stift, og Svede under Stavanger stift, efterdi saaledes med samme skal have været brugeligt udi fordum tid... saasom for føringskabs skyld, som super intendanten af Stavanger stift kunde have udi Eidfjordssogn, naar han reiste udi visitas til Hallingdal..."

Som ein ser, er dette ei stadfesting på at Eidfjord låg under Stavanger nettopp for "føringskap" si skuld. I sin "Norges beskrivelse" skriv Peder Clausson:

"... at Eidfjord er i Fordum Tid skilt fra Bergen Stift, som fikk igjen Snedesogn (Sveen) paa det at Bispen i Stavanger kunde desbedre faa sit Forderskab, naar han drager til Hallingdal at visitere".

"Til Stavangers Bispedømme hørte fra ældgammel Tid hallingdal og Valdres og (da Biskopernes Visitasreiser til disse Ægne skede over Hardanger) ogsaa det i dette landskab beliggende Eidfjord".

Det var vanleg at biskopen ei tid før avreisa si sende eit visitasbrev til prestane i dei soknene han skulle visitera. Det var òg prestane som skulle "bestyre skydsheste". Til vanleg var det faste skyssmannskap, men biskopen sine egne bønder kunne og vera med i skyssen. Og at prestane var med i skyssen, var vanleg. Det vart rekna for ei stor forsøming å ikkje møta biskopen ved skysskiftet.

"... oc er det fra Stavanger oc indtil Eidfjords Giæld 18 store Mile, de 6 i Nord-nordost til Sandeid; oc siden de 12 mod Ost-nordost, siden hafuer hand 14 Mile offuer Halnefield eller Hardangersfield til Hallingdal - oc ere der Boder paa Fieldet, som Folck kand blifue i om Natten, aff huilcke den ene kaldis Biscopsbod"

Sidan Peder Clausson Friis skildra Eidfjord og reiseruta til biskopen, har det vore ei rekkje personar som har skrive at utgangsstaden for biskopen si ferd over fjellet var Eidfjord. Namn som Ramus (1715), Wiel (1743), Palludan (1744) og Schnabel (1781) er blant dei kjende forfattarane. Frå tidleg på 1800-talet og opp mot vår tid kan nemnast namn som Krafft, Faye, Olafsen, Kvam, Kolltveit og Hohle. Alle er samde om at bispevegen over vidda hadde utgangsstaden sin i Eidfjord/Simadal. Men det er ingen av dei som freistar på noko detaljskildring av vege og kvar han låg.

Sentrale namn i deira skildring er "Hool", "Halnefield", "Hardangers=Field", "Biscopsbod", "Eidsfjord", "Biscopsvaare" og "Biskopsvarde". Dette gjev ein peikepinn om at hovudtrekka i bispevegen ikkje var ukjende for dei. Ramus skildrar Eidfjord slik:

"... Eidsfjord haver en Steen-kirke, som ligger Allerindst mod Østen, Laae fordum til Stavanger Stift, den tid Bispen af Stavanger skulde reise der igjennem til Hallingdal at visitere"

At biskopen fór gjennom Eidfjord på ferda si til Hallingdal og Valdres har me skriftleg frå biskop Håkon den yngre i 1417:

".. Me Håkon med Guds nåde biskop av Stavanger helsar alle menn som byggjer og bur i Eidfjord kyrkjesokn i Hardanger med Guds nåde og vår, kunngjer her - unnateke våre Cathedratio og helgedagsspann som me så ofte kunne trenga, sjølve når me fer framom her".

Saka som dette diplommet omhandlar er tiendeskatten og "Biskopsluten", d.e. den fjerdedelen som biskopen skulle ha. Me kan ikkje gå nærare i detaljar inn på det, med det viktigaste i vår samanheng er at diplommet gjev ein historisk dokumentasjon på at biskopen reiser gjennom Eidfjord. 7 år etter kvitterer biskopen for 6 års bortpakting av biskops inntektene.



## Kapitel 12: "Den boe som bemeldte Jon Ramie melder om ved naffn Biskopsboden findes ikke"

---

På 1600-talet finst nokre kart som kan gje opplysningar om kvar vegen gjekk over fjellet. M.a. viser dei geistlige og administrative grensene mellom Oslo, Stavanger og Bergen bispedøme. Dette er også noko me kan lesa av tittelen på eitt av dei. Kartet gjev også ei anna opplysning; Ved innlaupet til Hardangerfjorden; "Hic incipit iter per Diocesim Bergensem in Hallingdaliam et Valdresiam," d.e.: her byrjar vegen gjennom Bjørgvin bispedøme til Hallingdal og Valdres.

"Vegen" gjennom Bjørgvin bispedøme var med båt til Eidfjord. På det same kartet er det òg noko anna som er viktig for å forstå bispevegen; "Biscopvaare ved Grøna samt Halningboe".

To andre kart frå 1600-talet har mykje den same teksten som det fyrstenemnde. På eitt av dei kan me faktisk lesa oss til kvafor elvar biskopen kryssa på ferda si over Hardangervidda. Omsett lyder teksten:

"Her går det ei nokså vanskeleg rute gjennom Hardanger, der ein må over det veldige fjellet som er 10 mil langt, og dessutan tre farlege elvar til den nordlege delen av Stavanger bispedøme, d.e. Hallingdal og Valdres".

Det er ingen tvil om at desse elvane er Bjoreia, Krekja og Grøna. På eit anna kart frå 1600-talet finst "Biore Elf", "Krecken Elf" og «Gron Elf».

Som tidlegare vist nemner Peder Clausson Friis "Biscopbod". Dette gjer òg Jonas Ramus i 1715, medan sorenskrivar Christian Palludan skriv: "Den Boe som bemeldte Jone Ramie melder om (i sin Norges Beskrivelse) at skulle staa midt paa Fieldet, ved Nafn Biskops Boden findes ikke, men det staaer endnu en Varde af Steen oprettet, der kaldes Biskopsvarde, og gaar udi Aals Gield endnu det Sagn at naar Biskopen reiste fra Stavanger til Aal, hvilede han ved samme Varde".

Interessant er det at både Wiel og Palludan nemner Biskops- varden. At Palludan er usamd med Ramus, og difor med Peder Clausson òg, får så vera. Kva desse "boder" no måtte heita, skal eg ikkje ta opp til drøfting her.

Avstanden frå Eidfjord til Hol er så stor at biskopsfylgjet må ha overnatta på vegen. Særleg mange mogelege stader for overnatting var det ikkje den tida. Etter alt å døma var det berre Halne og så bua ved Ørteren som kom på tale, for berre dei var så store og gode at ein biskop kunne bydast overnatting i dei. Kva for ei av dei to som fortener namnet "Biskopsbua" er uråd å vita. Men kanskje er det "Hallningboe" som er "Biskopsboe"?

"Biscopsvaare" er eit namn som finst på kart frå 1600-talet. Fleire kjelder finst òg, for at vardar med liknande namn var knytte til biskopen. Særleg fanst dei på stader, der det var skysskifte.

"Der fore vi offuer i vester 1 1/2 fiering til en anden vaare kallis Biskops vaaren. Der pleier Sognepresten vdj Tind møde Biskopen med Hester. Men der vi komme vaar huerken her Hans vdj Tind eller nogen Hester kommen derfra".

Det finst òg andre prov for at desse biskopsvardane er knytte til biskopen.

"Omli Kircke og Prestegaard ligger 5 Mille mod nordvest fraa Gierrestad och der drager mand offuer dette field Katter aas, der ligger een stour Steen mitt paa fieldet, som mand icke kunde velte affsted, oc en mand kand roche denn, thi den staar paa en nebe eller Næbe, den kaldes Biskops steen, fordj der møder de med fuordningskap mit paa fieldet, naar Bispen drager der offuer; och er ligesom een stoell paa den ene Ende i samme Steen, som bispen kand side paa, om hand vill huile".

Peder Clausson Friis som skriv dette, var truleg kjend med Jens Nilsson. Båe to var tilstades ved eit møte om den såkalla tienda i Skien i 1576. Jens Nilsson har truleg vore kjelda for deler av Peder Clausson Friis si "Norges Beskrivelse". Med dei store kunnskapane som Jens Nilsson rådde over, om norsk topografi, ville det beint fram vera underleg om Friis ikkje hadde gjort bruk av han.

Kor ofte stavangerbispane drog over Hardangervidda, og kor mange av dei som tok ut på desse ferdene, er det vanskeleg å ha noko meining om. Truleg er det fleire enn dei som her er nemnde. Om bøndene hadde skyssplikt, så hadde biskopen visitasplikt.

"... Biskopen skal komme i hvert fylke paa hver 12 maaneder uten lovligt forfald, og yde folk tjeneste. Og bønder skal gjøre biskopen skyss, hver hest, som sadel og grime er kommen paa, hvor som helst biskopen vil fare".

## Kapitel 13: "På Stavaness stod de og ventet på biskopsbåten"

---

I fantasien skal me no flytta oss nesten 375 år attende i tida:

"Ein tidleg morgon i august 1615 kom biskopsbåten siglande inn mot Eidfjord. Ombord var biskop Laurentius Scavenius; biskop i Stavanger bispedøme. Han var på visitasferd til dei ytste bygdene i bispedømet sitt: Hallingdal og Valdres.

Det var fyrste visitasen hans til desse bygdene. Biskop Scavenius skulle også bli den siste biskop som dro bispeveien over Hardangervidda. Han hadde knapt noko meining om kva som venta han over fjellet. Av Peder Clausson, soknepresten i Uvdal, hadde han fått opplysningar om nokre elvar han laut gå over. Peder Clausson på si side hadde trolig fått opplysningane av barnebarnet sitt, Erik Fredriksson Linland, som hadde vore i Slidre i Valdres i 1612.

Ei lita flokk sto ytst på Stavaness og såg båten koma. Bortsett frå dei, var dei andre av ibuarne samla på Vik. Ikkje alle sjøvsagt, men dei fleste

Det var flokken på Stavaness som fyrst fekk auga på båten, der han kom for fulle segl vest for Erdal. Ein rytta drog derifrå i all hast med bod til Otte Torsteinsson, presten i Eidfjord, som heldt på med dei siste forebuingane til bispevisitasen som var i kjømda. Bodet til sognepresten var stutt: Biskopsbåten stemner snart inn Hæreidsjøen. Rytta fann presten i kyrkja. Otte skulle til å telja opp innbuet i kyrkja. Dette var etter krav av biskop Scavenius. Han var nett ferdig med å skriva opp innbuet på Lægreid prestegard. Fort gjort var det for så vidt, for det einaste innbuet var i røykstova: eitt bord, benker og ei seng.

Det var på Vik biskopsbåten skulle leggja til lands. Her var det at Otte - saman med nokre av skyssmannskapa - skulle møte biskop Scavenius til soknegrensa. Resten av biskopens følge venta i øvre Eidfjord.

Ei tid før Scavenius drog på visitasferden, sende han særskilde brevbærarar med bod om dette. Ein av dei var komen til Eidfjord for fleire veker sidan. Herr Otte sende straks ein ny bodbærar over fjellet til sognepresten i Nes i Hallingdal - herr Truge - med bod om dette.

Fjellferda som biskopen no skulle ta ut på, byrja alltid fra Eidfjord. Her

var det kortast veg over fjellet til Hallingdal. Her var det òg at biskopen fikk skyssmannskap. Dei fleste av dei var no samla i Øvre Eidfjord.

Dagen før hadde eit anna fylgje stått utanfor Hol kyrkje, som var fyrste annekskyrkja i Ål. Dette fylgjet òg skulle til fjells. Etter at soknepresten i Ål, Truge Mikkelsen, hadde gjeve sine rettleiingar, drog fylgjet avgarde. Dei skulle ta strake vegen mot Budalen. Derifrå til Prestholt, Haugastølen og fram til Halne, der dei skulle overnatta. Presten sjølv skulle ikkje dra til fjells før om to dagar. Uvanleg var det, for det var plikta til presten å møta ved skysskiftet.

Dagen etter var alt klårt for fjellferda. Biskop Scavenius hadde kvittert i kyrkjebøkene og elles fått den meldinga han trong. Elles hadde han hatt ein alvorleg samtale med herr Otte, som han trong hjelp av for å løysa ein vanskeleg knute i Hallingdal. Eit vandemål som snart skulle få løysinga si.

Årmanen hadde saman med presten planlagt og skipa fjellferda. No gav han signal til at ferda skulle setja i gang. Han hadde òg til oppgåve å ta i vare biskopen sine inntekter i sokna, og dessutan å avgjera alle geistlege saker. Hans oppgåve var òg å "oppebære Sagefaldet", d.e. å krevja inn bøtene. Som den forlengde armen til biskopen hadde han stor makt

Øvre Eidfjord venta dei av bygdefolket som skulle skyssa han til soknegrensa. Der venta òg nokre teologistudenter som hadde vore med biskopen frå Stavanger. Det var gjerne nokre som biskopen hadde et særleg auga med. Ofte var studentane skrivarar og referentar frå ferda.

Fylgjet gjekk i langsam gang opp Hjølmoberget. For biskopen var dette ei uvanleg ferd; han var no i sitt 54. år. For bygdefolket var dette noko daglegdags. Dei gjekk lett og utan noko strev. Vegen gjekk framover Tjukkaskog, Berastølsdalen, Hadlet, over Fruo og ned til Drolstølen. Ved Drolstølen var det kvilestad til vanleg.

Biskopen var forundra over dei fint oppmura trappene som såg her og der. Særleg ned mot Drolstølen var det gjort stort arbeid. Den gongen Scavenius før framom Drolstølen var det ikkje støler der. Dei vart ikkje bygde før bortimot hundre år frem seinare. Vegen - eller rettere stigen - var hovudfjellvegen mellom aust og vest, og skulle eit par hundre år seinere få namnet den Store Nordmannsslepa.

Endå om biskopen var sliten, la han merke til alt kringom seg. Frå prestane sine i bispedømmet hadde han fått ei mengd opplysningar, og dei skulle han bruka til å laga eit kart over bispedømmet sitt. På vegen til skysskiftet diskuterte han einskildting med Otte Torsteinsson.

På høgre sida til Scavenius låg Store Algarden. Over den gjekk det òg ein veg. Då kom ein ned i skardet som ligg mellom Algarden og Fagernut.

Ved Halne var det liv og røre. Fylgjet frå Hallingdal hadde overnatta der. No gjorde dei seg ferdige til å dra vidare mot Skiftesjøen.

Samstundes hadde biskopen og fylgjet hans gått framom Hallingskeidet, og dei hadde vada over Bjoreio ved Særebakken. Bøndene var i ulune. Dei var ikkje oppglødde for skyssplikta i det heile, og skodda som hadde kome sigande, gjorde ikkje humøret betre. No laut dei venta til skodda letta såpass at dei fekk auga på varden oppe på høgda like nord for Nybunut. Der dei no var, var det ope lende og lett å ta feil veg. I eit glimt kom varden til syne. Ein kjempestor varde var det. Han var over to meter høg, og eit livsviktig haldepunkt.

Vel oppe ved varden hadde dei vesle Skiftesjøen like framfor seg. Der pusta dei ut og kjende seg lette. Skyssplikta til Eidfjordbøndene var snart over. På høgda rett føre Skiftesjøen, på vasskilet mellom aust og vest, dukka det opp to store vardar. Dei var komne fram til grensa mellom Hallingdal og Hardanger. Her var det dei skifte skyssmannskap. På folke-  
munne vart staden kalla Biskopsvarden. Det var den største av vardane som var oppsette for å visa veg over fjellet.

Skyssmannskapa frå Hallingdal som nyst var komne fram, hadde hatt vanskar. Dei òg fekk hjelp av ein varde. Det var varden i Skuleviki. Frå den var det lett å ta seg opp langs elven fra Skiftesjøen, siden langs stranda på den og fram til skysskiftet. I brodden for fylgjet reid kapellan Lauritz. Lite ante han om sin snarlige forfremmelse til prest i Eidfjord.

Det vart ikkje lang kvild for hallingane. Biskopen var utolmodig. Han sat og fingra med spennet på bibelen sin. Det hang ikkje skikkeleg fast, men det tydde lite no, han ville i hus før myrkret kom, og det var ikkje mange brukande overnattingsstader for ein biskop. Han vona at dei skulle nå fram til bua ved Ørteren. Bua ved Halne var sjølv sagt eit anna mogeleg val, men biskopen lika dette lite. Han hadde lese om bua ved Halne i visitasmeldingane til føremennene sine, og inntrykket han hadde fått av

henne, var ikkje særleg godt. Endå om ho var nyttande i nauda, var den mykje større bua ved Ørteren den vanlege overnattingsstaden for biskopen.

På same tida som fylgjet på Hardangervidda fór frametter mot Halne, førebudde herr Truge seg på morgondagen. Han skulle syta for friske hestar til biskopen og fylgjet hans. Sjølv skulle han til Prestholt, for der å møte biskopen. Møtet med biskopen var Truge mykje spent på. Han hadde lenge stått på dårleg fot med kapellanen sin, Lauritz. Dette hadde han sendt melding til biskopen sin om.

Same morgonen hadde presten Truge og fylgjet hans fare til fjells. Med seg hadde dei friske hestar. Ved Prestholt hadde Truge stansa.

Stor skam var det at Truge ikke drog heilt til bispevarden ved Skiftesjøen. Han fekk orsaka seg med at forebuingene til visistasen hadde teke lenger tid enn planlagt.

Det vart langt på dag før fylgjet braut opp frå biskopsvarden, med kurs for Halne, det felægret som er så vidgjete i ettertida. Framom varden i Skulevika gjekk ferda opp på høgda mot Halne. Der snudde biskopen seg og såg tilbake. På ei høgda i sør såg Scavenius ein varde. Det var varden på Steinbunut.

Tidleg neste morgon drog biskopen og fylgjet hans ut frå bua ved Halne, der dei var komne seint om kvelden dagen før. Det bar austetter. Oppe ved høgda litt framom Knutsenstølen, ved vatnet der, gjekk dei atter framom ein stor varde, som ikkje var ulik dei andre me har nemnt. Denne varden markerte vegaskilet mellom vegen over Ørteren og vegen over Halnetungen: den Nordre Nordmannsslepet. Derifrå som dei stod, kunne dei sjå vardane i Nordmannsslepa langsetter hallet.

Været byrja og tjukna til. Difor valde dei vegen over Ørteren. Det var ikkje vanskeleg å avgjerde leida. Framføre seg såg dei Øklanuten. Heilt i søraustenden av han var det ein varde att. Denne skulle dei ikkje gå opp til. Dei skulle halde seg rett under den, venda mot aust og så ved Læg-reidvatnet - det som Grøna rann ut i - halda vestsida bort til vadestaden mellom Læg Reidvatnet og Ørteren. Dei var heilt i nærleiken av Ørterbua, der dei skulle kvila ut. Ei fjellferd var snart til ende ..."

## Kapitel 14: "Herr Otthe Torstenssøn, som var sogneprest nord ved Hardanger i Eidsfjord"

---

Slik, omlag, kan ferda ha gått. Me kan berre fantasera om det. Dei omtala personane er dei historiske. Likeeins tilhøvet mellom presten Truge og kapellanen hans. Og avtalen som vart gjord mellom biskop Scavenius og Otte i Eidfjord, førde til at Otte vart kapellan i Ål, medan Lauritz vart prest i Eidfjord.

".. Hr Truge har været en urolig Mand, og ikke af nogen synderlig Lærdom; thi da Superintendenten eller Biskoppen af Stavanger, Mag. Lauritz Skaboe (Scavenius er hans latinske Navn) visiterede i Aals Præstegjeld, finder jeg, at der var reist sig saadan Trætte i mellem ham og hans Capellan, Hr. Lauritz, at Biskoppen paa denne Maade maatte skille dem ad. Han formaaede Hr. Otthe Torstenssøn, som var Sognepræst Nord ved Hardanger i Eidsfjord, at bytte med Hr. Truges capellan, hvorved Tretten blev ophævet".

Hr. Lauritz ble vart så prest i Eidfjord frå 1615 til 1656. Han tok namnet Laurentius.

Bua ved Ørteren - det var to slike - er det ikkje mange som har sett. Då Ørteren vart oppdemd ved elektrisitetens- utbygginga kom buene til å verta ståande under vatn. Dei var ikkje små bygningar, hhv. 40 og 20 kvadratmeter. Ein slik spenne som biskop Scavenius fingra med - vart funne her. Ein skildring av den i Oldsakssamlingen er slik: " Rektangulært bronsebeslag, bøygd i den eine enden. Mellom dei to delene sit ein lærrest, omlag 2mm tjukk, fest med ein nagle. Eit naglehol ved den enkle enden og eit gjennomgåande naglehol heilt ut mot hempa, som er smalare enn beslaget".

Etter ein samtale med Petter Molaug ved Universitetets Oldsakesamling i Oslo er eg vorten vissare på at det kan (eg vil understreka kan ha vore eit bokbeslag eller eit spenne. Og i fantasien kan ein leika med tanken på kven det var som miste det. Eg skal ope vedgå at det er berre ei gissing, at eg trur det var biskop Scavenius, men kven veit?

Talet på skysshestar som biskopen - etter Gulatingloven - hadde krav på, var ulikt. For, som lova sier: "Om biskopen kjem opp på land frå skipet sitt og skal vigsla kyrkjer eller gjera folk anna teneste, anten han dreg



langt eller kort, då skal bøndene skaffa han 18 hester, men 30 hester om han skal vigsla hovudkyrkja. Men om dei ikkje vil skaffa skysshestane, då skal dei svara 3 daler".

Den gongen biskop Scavenius for framom Drolstølen, var det ikkje støler der. Dei kom hundre år etter. Frå desse støleane var det stor aktivitet i tida då drifteferdsia stod på. Herifrå gjekk stiger langs Drolstølsgili til to av stadene som hadde viktig tilknytning til driftehandelen: Våkåvadet og Krossdalen.

Opplysningene biskop Scavenius samla vart grunnlaget for fleire av kartteiknarene på 1600-talet. Kartet frå 1600-talet er uventa rike på detaljer den vegen som biskopen reiste. Eit av dei ber ei latinsk påskrift som omsett lyder: "her går det ei heller vanskeleg rute gjennom Hardanger, der ein må over det veldige fjellet som er 10 mil, og dessutan over 3 elver til den nordlege delen av Stavanger bispedøme, Hallingdal og Valdres". På kartet kjenn me att namna på desse tre elvane: "Biore Elf", "Krecken Elf" og "Gron Elf". I dag heiter dei Bjoreia, Krekja og Grøna.

Tradisjonen om at biskopen kvilde ved biskopsvarden finst i "offisielle" kjelder fra 1700-talet. Slik som no var det også den gongen svært viktig at vardar vart oppsette. Som tidligere nemnt, skriv futen Wiel i 1743 at der var "varder af Steen, hvoriblandt den største, som staar midt paa Fjeldet, kaldis Biskops-Varden, og tiener de Rejsende til Vejviisning".

Biskopsgjestinger er kjende frå kristenretten i dei gamle landskapslovene og andre kjelder frå mellomalderen. Frå 1300-talet er det kjent ei oppskrift frå ei ferd bergensbiskopen hadde gjennom Firdafylka og Sogn. I Sogn måtte det skaffas tilveges 48 tunner øl, 60 skippund munngåt, 3 tunner vin, 12 skippund brød, dessutan smør og ann kost som trengst.

Varden i Skuleviki markerte vegskilet der vegen over Skiftesjøheien, Gjerobotn til Krossdalen tok av. Den gongen biskopen før, vart vegen truleg bruka bare ein hende gong. Det var nok trygjast å fylgja hovudslepa. På 1800-talet derimot vart han en mykje nytta veg, skildra i detalj i reiseskildringar.

Halnelægeret, som er så kjent i ettertida, var opphaveleg to veidemannsbuer. Den gongen biskopen drog der, var dei truleg nybygde. Om dette lægret er den vidgjetne "Biscopsbod" - som det vart tala om

på 1600- og 1700-talet - er uvisst. Det var usemje om biskopsbuene var til eller ikkje på den tida. Sorenskrivar Palludan skriv i 1743 "at den Boe som Jone Ramie (Jonas Ramus, 1715) melder om skulle staae midt paa Fieldet findes ikke, men det staaer endnu en Varde af Steen oprettet, der kaldis Biskopsvarde, og gaar udi Aals giæld endnu det Sagn, at naar Biskopen reiste fra Stavanger til Aal, hvilede han ved samme Varde".

Namnet Skiftesjøen kan sjølvsagt tolkast på fleire måtar. Ein kan sjå det i samanheng med deling, utskifting m.m. Men skifte kan og sjåast i ei anna tyding:

"... et Skiftested, en Station paa en Landevei" (koma fram til skiftet - stadna på Skiftom). Ei anna og sær forvitneleg tolking kan vera at Skiftesjøen kan vera avleidd av Skotskifte. "Skotskipti ... Ombytning af Skydsheste, reidskotaskipti, færa han (Biskupin) i rett".

Min teori er at det var ved høgd 1268 at skyssskifte vart gjort. Så ei tolking av namnet Skiftesjøen kan vera: "Sjøen der (heste-)skiftet vart gjort". Sannsynleg var det fordi grensa mellom austmenn og vestmenn gjekk her.

## Kapitel 15: "Men det staar endnu en varde af steen opprettet, der kaldis Biskopsvarde"

---

I 1775 kom kartet «Christiansands Stift: Afdeelt udi Amter / og Efter Kongelig Befaling». Kartet over Kristiansand bispedømme ble laget av kartografen og landmåleren Christopher Blix Hammer (1720 – 1804). På kartet finn me "Biscops Warde", og mellom den og Eidfjord står avmerkt endå ein "Warde". Den sistnemnde varden har eg gjeve namnet "Hammers varde".

Hvordan disse to vardene ble funnet har sin egen historie. Og la meg ta sistnevnte først. Sumaren 1985 hadde eg undersøkt området ved Skiftesjøen, nærare sagt frå austenden av vatnet opp til Steinbunut bort til Larsbunut og ned mot Tråastølen. Bakgrunnen for å leita etter varden i dette området var ikkje berre éin ting. Men leitinga gav ikkje noko svar. Eg vart overtydd om at varden ikkje kunne ha stått der. Like overtydd var eg om at han må ha funnest. Truleg hadde han vore ein heller stor varde òg.

Dagen etter den fåfengde leitinga var eg på veg frå Dyranut til Særebakken, og der, i nedste kanten på vestsida av høgd 1265, rett nord for Nybunut, fann eg varden eg leita etter. Sjølv sagt var det berre ruiner att av han, men det som var der, bar tydeleg merke av at det må ha vore ein stor varde som synte godt i landskapet i si tid. Ruinene av varden hadde eit tverrmål på omlag 2 m. Kor høg han hadde vore, var uråd å seia visst.

Varden ved Nubunut var ikke bare viktig for dem som reiste på den Nordre Nordmannsslepa. Den var også viktig for dem som på 1700 og 1800 tallet reiste drifteveien mellom Krossdalen og Numedalen.

"Biscops Warde" skulle eg derimot få mykje meir bry og vanskar med. Etter kartet å døma skulle han vera rett aust for Grøna. Området der og mot Ørterdalen vart saumfare ikkje berre ein, men fleire gonger. Vardar var det nok av, og mange av dei var rett interessante, men dei hadde ikkje ein slik alder og storleik som eg ynskte å finna. Etter kjeldene skulle det vera den største varden over fjellet, altså måtte han vera større enn Hammers Varde.

No byrja tvilen å melda seg. Hadde varden så allikevel ikke eksistert?

Tvilen eg bar på, gjorde at heile området langs "min bispeveg" frå Ørteren og attende til Halne vart granska. For å vera trygg, tok eg òg med området ved Olavsbuheia og mot Krekja. Då leitinga her var utan resultat, kom eg lenger og lenger vest. Tilslutt hamna eg i Skuleviki på leiteferda mi. Der fann eg rett nok ein varde - som skulle verta med og fastleggja varderekkja over fjellet - men det var ikkje Biskopsvarde. Og her i Skuleviki måtte eg innsjå at eg var på villspor. Noko var gale. Varden måtte då ha funnest. Det var eg viss på. Nokre ord frå Palludan rann gjennom tanken:

"... men det staaer endnu en Varde af Steen oprettet, den kaldes Biskopsvarde, og gaar udi Aals giæld endnu det Sagn, at naar biskopen reiste ifra Stavanger til Aal, hvilede han ved samme Varde"

Øivin Bakke og eg har hatt eit særs godt samarbeid m.a. om Biskopsvarde. Utan tal er dei teoriane me har hatt. Teoriar som etter nærare gransking har vorte vraka. Til slutt følte Bakke seg overttydd om at varden trolig måtte vera plassert gale på "kartet". Denne tanken streifa meg òg, der eg stod i Skuleviki.

Det skulle verta eit sitat frå ei reiseskildring, saman med tolkinga av namnet Skiftesjøen, som gav løysinga på floken:

"... Vi naaede ud paa Eftermiddagen det høieste Punkt af Fieldet, her vare opreiste to høie Steenvarder. En liden Søe, kaldet Skiftesøen, havde her dannet sig ... Neppe vare vi forbi Søen førend vi saae Bækkenes mod Vest begyndende Løb ...".

Vardane ved Skiftesjøen (høgd 1268) vart funne av Ø. Bakke og meg summaren 1985, på bakgrunn av det som er sitert ovanfor. Men me hadde ikkje då nokon annan tanke om vardane enn at dei representerte soknegrensa mellom Hallingdal og Hardanger. Slik tenkte me med grunnlag i min teori om at skysskiftet må ha vore her. Og soknegrensa låg vel på den tida ikkje ved Halne, men ved Skiftesjøen, der også vasskilet mellom aust og vest går. Eit meir markert vasskil skal ein no òg leita lenge etter.